

Kåre Kolås

*Eit liv med kaffistover  
og bondeheimar*



Kåre Kolås

*Eit liv med kaffistover  
og bondeheimar*

I samtalar med Nils Seland og Ottar Grepstad

Nynorsk kultursentrum  
Ørsta 2005

# SMÅSKRIFTER FRÅ IVAR AASEN-TUNET

Artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle faglege eller språkpolitiske spørsmål. Innholdet står for forfattarens rekning. Alle småskriftene er tilgjengelege på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)

1. Ottar Grepstad: *Nynorsk i opplæringa: kunnskap, kultur og kvalitet*. 41 s. Februar 2004
2. Ottar Grepstad: *På parti med språket? Språkpolitikk i partiprogramma 1906–2005*. 84 s. September 2004
3. Ottar Grepstad, Eirik Helleve og Kirsti Langstøyl: *Nynorsk innhald på Internett. Grunnlag for handlingsplan 2005–2013*. 67 s. November 2004
4. Kåre Kolås: *Eit liv med kaffistover og bondeheimar*. I samtalar med Nils Seland og Ottar Grepstad. 91 sider. November 2005

Nynorsk kultursentrum, Indrehovdevegen 176, N-6160 Hovdebygda  
Telefon 70 04 75 70, faks 70 04 75 71, [admin@aasentunet.no](mailto:admin@aasentunet.no)

# Innhald

Forord	5
Til inngang: ein bakgrunn	7
Cornelius B. Bugge – ein gamblar i vest	14
Det indre liv: kløyving og strid	18
Å drive lagsbruk	26
Behovet for investering og fornying	35
Lagsbruk og andre rørsler	41
Endra samfunn, nye utfordringar	45
Nynorsk og sjølvforståing	52
Lagsbruksskattens kulturøkonomiske rolle	61
Vestlandsbanken og andre bankar	68
Avrunding	79
Tillegg A: Ein del lagsbruk	81
Tillegg B: Einskildpersonar	88

© Nynorsk kultursentrum og Norske Lagsbruk 2005

Trykk: Ivar Aasen-tunet, Ørsta

ISSN 1504-422X

## Forord

Frå den første Kaffistova i Oslo hausten 1901 blei det utover på 1900-talet sett i gang minst 212 lagsbruk over heile landet. I tiåra etter 1945 var Kåre Kolås, fødd 1917, ein av dei fremste medarbeidarane i dei norske lagsbruka. Han var styremedlem i Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen 1947–60, formann 1960–65, dagleg leiar 1965–86. I mange tiår var han svært aktiv i samarbeidet lagsbruka imellom, og han var med på alle møte i Lagsbruksnemnda 1949–79. Saman med tillitsverv i Vestlandsbanken frå 1963, der han var styreformann 1975–87, har han hatt ein særskild utkikkspost over den økonomiske verksemda i norskdomsørsla.

Etter initiativ frå Nils Seland sette han seg i 1990-åra til å finne fram verdfullt kjeldemateriale som kan vere med og seie noko om den rolla kaffistovene, bondeheimane og alle dei andre lagsbruka spelte i det 20. hundreåret. Dette arbeidet blei følgt opp med fleire samtalar. Frå 20. november 1998 til 8. januar 2001 hadde Nils Seland og Ottar Grepstad mange lengre samtalar med Kåre Kolås. Samtalane blei festa til lydband, og utskrifter av samtalane blei ordna av administrasjonen i Norske Lagsbruk. Kvar gong vi møttest, følgde vi opp desse utskriftene med utfyllande spørsmål.

Til sist redigerte Ottar Grepstad utskriftene til ein heilskap som Kåre Kolås har godkjent. I dette redigeringsarbeidet har Kolås supplert og presisert framstillinga med støtte i skriftlege kjelder.

Både opptaka og dei ordrette utskriftene er forsvarleg arkiverte for ettertida av Norske Lagsbruk.

*Oslo/Bergen/Ørsta, 12. november 2005*





## Til inngang: ein bakgrunn

– *Kåre Kolås, skal vi ta til med det biografiske?*

– Min bakgrunn er enkel: Skulegangen var eit halvt år snikkarskule, dessutan Fana folkehøgskole, så teknisk fagskule og så vart det teknisk skule, det som i dag er ingeniørhøgskule på elektrolina. Sidan heldt eg fram eitt år med ei ny linje på Bergen tekniske skole, med økonomi og produksjonsopplegg og først og fremst bedriftsrekneskap. Ja, og så har eg følgd opp med kanskje 10–12 kurs i administrasjon og økonomi.

Eg var nok tungt arveleg belasta for verv i norskdomsrørsla.

Mor heitte Gjartrud Holmås. Ho fekk den vanlagnaden at ho var både far- og morlaus då ho var sju år gamal. Bestemora som budde på Floni, ei lita øy ved Radøy, kom då og henta henne til eit lite småbruk med stort hjarterom hos dei mange som budde i det vesle huset på bruket.

På Austebakken på Fanebust budde ein mann som heitte Anders Fanebust. Han hadde ei dotter som vart sjuk og døydde, og han tok då mor mi til seg – ho var då ni år. På Austebakken fekk ho det godt. Anders var ein omtykt og vidsynt mann, og då mor mi var gamal nok, sende han henne til folkehøgskulen til Lars Eskeland på Voss. Det var ikkje mange som fekk høve til det den gongen. Etterpå var ho i Oslo ei tid og arbeidde ved ei av kaffistovene til Bondeungdomslaget i Oslo.

Travel bondekone som ho vart seinare, med stort ansvar og ein barneflokk på sju, hadde ho ikkje mykje stunder til prat om barne- og ungdomsåra. Då neste generasjon tok over ansvaret for garden, var ho veldig glad når eg var heime, og då kunne ho tale om Voss og om Bondeungdomslaget i Oslo. Ikkje minst snakka ho om Klaus Sletten, som ho såg på som den dyktigaste i laget. Han var ein slektning av far og var oppvaksen i grannelaget heime. Også Klara Semb og fleire

andre fortalde ho om med glød i augo. Eg ser det slik at det ho i sine unge år opplevde, gjorde henne til eit hjelpsam og vidsynt menneske.

– *Var far din ein del av denne same kulturhistoria?*

– Far heitte Lars Kolås. Han var frå nabogarden Kolås, hadde ikkje odel og stod på farten til å emigrere til Amerika. Mor, som då var jordejente på Fanebust, må ha fått han på andre tankar. Det vart giftarmål, og han vart ein drivande bonde på Fanebust. Eit halvår på amtsskulen var heile skulegangen hans, men han var interessert i bygdestyringa og vart tidleg vald inn i kommunestyret. Far var den første som skreiv møteboka på nynorsk i Lindås kommune. Der var han seinare ordførar i 13 år, og som ordførar var han også med i Hordaland fylkesting.

Då oppdrett av sølvrev kom i gang, var far med og skipa Hordaland Sylvrevavlslag, og han var første formannen i laget. Det førte også til tillitsverv i landslaget, som vart skipa som Noregs Sylvrevsavslag med kontor i Bergen, og som no heiter Norges Pelsdyrsavslag, med kontor i Oslo. Mangelen på avlsdyr var stor, så dei måtte importere mange frå Canada. Det var også mange som para norsk raudrev med sølvrev. Kvaliteten på pelsen var avgjerande for prisen, og det vart fastsett at alle revar skulle øyremerkast, og at dei som ikkje hadde god nok pels, skulle avlivast. Laget skipa til kurs med om lag 30 medlemmer som så skulle reise rundt som inspektørar til alle revegardar. Far reiste som inspektør i fleire år, mest på Nord-Vestlandet. Oppdrettarane måtte også lære seg å øyremerke revande sjølve, og då var det tid for sølvrevutstillingar og omsetning av livdyr. Mange av dei tidlegare inspektørane vart no domarar, to og to i saman.

Det eg hugsar best, var den evna far hadde til å fortelje om stader frå reiseruta si når han kom heim att. Det var mykje som kunne hende når revegardar ute på øyane og dei einbølte fjellgardane skulle ha tilsyn. Det var heller ikkje revebur den første tida. Oppdrettarane kunne ha inngjerdingar på opptil 200 m<sup>2</sup>, med høge nettinggjerd som revane ikkje kunne kome over.

– *I dette pelsdyrmiljøet var det mykje bruk av nynorsk. Dei laga eit blad som kom ut med nynorsk som dominerande målform i 1930-åra. Veit du om far din var med og gav dette nynorske preget?*

– Det må han ha vore. Eg trur ikkje han nokon gong skreiv anna enn nynorsk i alle høve. Eitt års tid var han også redaktør i bladet. Det kom seg av at redaktøren vart sjuk, og så var far vikar til ny redaktør var på plass.

– *I dette målsterke miljøet voks så du opp?*

– Ja, og ungdomslaget som eit midtpunkt heime. Det var det også då eg fekk kome til Fana folkehøgskule. Med Martin Birkeland, Jakob Naustdal og Kristian Bakke som lærarar fekk dette året mykje å seie for framtida mi.

Eg begynte i Bondeungdomslaget i 1938, og eg må jo seie at det var aldri snakk om anna enn at ein var med på alle tiltak når det gjaldt målsak og ungdomslag. Vestmannalaget, som var det eldste mållaget i landet og som var skipa i 1868, er vel kjent i byen, både for den sterke motstanden mot 1938-rettskrivinga og for innsatsen sin i norskdomsarbeidet. Då eg i 1938 kom til Bergen for å gå på skule, tok eg i bruk 1938-rettskrivinga, men det var ikkje lett med rettskrivinga i de fem åra eg gjekk på bokmålsskular. Mitt syn var at eg i hovudsak ville halde meg til denne rettskrivinga og elles arbeide for å fremje bruk av nynorsk etter beste evne. I Vestlandske Mållag var det strid med skiftande styrke om rettskrivinga. Då eg vart vald inn i styret, hadde eg eit triveleg år med godt samarbeid med dei fire andre i styret, om var noko eldre og meir konservative målfolk. Etter eitt år valde dei meg til formann, men på same tid, i 1962, melde Vestmannalaget seg ut av Noregs Mållag. På eit årsmøte nokre år seinare, i 1970, vart det kløyving i Vestlandske Mållag ved at om lag halvparten av møtelyden braut ut og skipa Hordaland Mållag som fylkesmållag i Noregs Mållag. Vestlandske Mållag vart då, som Vestmannalaget, med i Ivar Aasen-sambandet som var blitt skipa i 1964.

Men før den tid hadde det hendt mykje. ’

Etter krigen var det ein sterk entusiasme for å få ungdomsarbeidet i gang igjen. Hausten 1945 vart eg vald til inn i styret i Bondeungdomslaget i Bergen som kasserar. Eg møtte då på årsmøtet i Lagsbruka til BUL, altså L/L Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen, som også hadde Hotell Hordaheimen. I 1949 kom eg med i styret til Lagsbruka, frå 1960 til 1965 var eg styreformann, og frå 1965 gjekk eg inn som dagleg leiar for selskapet.

Saman med to kompanjongar hadde eg då i 20 år vore med og drive verksemda Al-Metall AS. Administrasjon og økonom var arbeidsområdet mitt. Med frå 20 til 35 tilsette produserte vi metall- og aluminiumsvarer, og frå 1959 hadde vi i oppgåve å bygge antenner for Nera AS. Dette var ei stor verksemd som produserte utstyr for radiolinjer. Frå fjelltopp til fjelltopp vart signala sende med parabolske antenner av aluminium, i dette høvet med ein diameter på tre meter. Tidlegare hadde Nera kjøpt desse antennene i USA, men disponent og kompanjong Tor Lerøen hadde evner og vilje til å greie vanskelege saker. Han laga maskin og hjelpemiddel til å forme så store antenner, og som Nera kunne godkjenne. Dette var i den kalde krigens tid, og NATO gav Nera arbeidet med å byggje radiolinjer frå Tyrkia gjennom nabolanda nordover til Nordkapp, slik sei står den dag i dag. Dette førte også til mykje samarbeid og leveringar til Forsvars forskningsinstitutt og til Universitetet i Bergen, som også trong ymse typar antenner.

Årsaka til at eg begynte som dagleg leiar i Lagsbruka, var at styret i tillegg til å ha styreansvaret også var ein del av administrasjonen. Bortsett frå ei kassadame, ein kasserar, hadde vi ansvar for alt, for både hus og eigedom og drift. Det kunne ikkje gå i lengda. Vi gjorde avtale med eit dansk konsulentfirma med kontor i Oslo om at dei skulle kome med retningslinjer for god drift i verksemdene våre. Vilkåra var eit honorar på 60 000 kroner og fritt hotellopphald når dei to aktuelle konsulentane var hos oss. Mot dette gav dei ein garanti for at

honoraret skulle vere inntent etter to år. Det var inntent etter eitt. Styret godtok tilbodet.

Vi brukte eit halvt år på dette. For styret innebar det to-tre møte i veka. Alle, frå avdelingsleiarar til kjøkkenhjelper og deltidstilsette, vart intervjuet, og etter ei rekkje rapportar vart ein ny organisasjonsplan lagd fram. Denne munna ut i at det måtte vera ein dagleg leiar. Konsulentane sa også at dersom styreformannen kunne gå inn som dagleg leiar, kunne ikkje dei peike på noka betre løysing for å få ein person som forstod seg på norskdomsarbeid.

Bondeungdomslaget i Bergen omfatta i 1965 Kaffistova på Torget og Hotell Hordaheimen. Etter kvart vart det ombyggingar på Hordaheimen, og Lagsbruket kjøpte ein kafé på Strandkaia, Kaffistova på Paradis og i Indre Arna. Det vart så mykje etter kvart at det måtte ein heilt annan administrasjon til.

*– Korleis tenkte de når de kjøpte disse kaffistovene?*

– Eg hadde den baktanken at det var viktig å få fleire verksemder. Så var det på sin plass å få ein inspektør som hadde den faglege bakgrunn som eg mangla. Det gjaldt å vere god nok. Det gjekk veldig bra, bortsett frå at alt utstyr etter krigen var så nedslite at det var så altfor mykje å gjere. Det var tungt arbeid å heve kvaliteten, men det strevet delte vi sjølvsagt med alle lagsbruka rundt om i landet.

Den gongen var det sånn at dei fleste som kom til byen, kom frå bygdene og måtte ta det arbeidet dei fekk. Kaffistova var då ein plass der du kunne møte kjende, og for lagsfolk var det jo greitt at ein kunne finne folk å snakke med, men det var også veldig mykje byfolk blant gjestene. Det var ikkje snakk om at byfolk var redde for å gå på Kaffistova. I Bergen var det sjølvsagt slik at alle byfolk, kanskje helst andregenerasjons borgarar, syntest det var litt nedsetjande å gå på Kaffistova, men dei gjekk no likevel.

Eg hugsar frå skuletida på Bergen tekniske fagskole med både teori og praksis at der var ein god del landsungdom. Vi kom jo til byen for å lære. Men så

hadde vi dei bergensarane som foreldra ikkje visste si arme råd kva dei skulle få dei til å gjere. Og du veit, dei heva seg over oss frå landet fordi dei var frå byen og hadde førsteretten til både det eine og det andre. Ikkje alle var slik; det var sjølvsagt mykje fin ungdom frå byen også, men ein del hang igjen i desse fordomane, særleg dei som var av fin familie, men ikkje akkurat eigna seg til ypparste hjerneverksemda. Dei gjekk på Reimers, ikkje på Kaffistova.

*– Kven samarbeidde du med i Bondeungdomslaget og Lagsbruka i Bergen i 1940-og 50- åra?*

– I 1949 vart alle lagsbruka i landet samla med årlege møte, og med ei Lagsbruksnemnd som skulle stå for arbeidet. Her var det mange gode og trufaste lagsbruksfolk. Eg kan ikkje nemne alle. Den eg hadde mest samarbeid med gjennom alle år, var Sigmund Dale, sogning frå Høyanger, som enda sin karriere som direktør, som nestformann for Bankinspeksjonen. Han var den som hadde mest kjennskap til lagsbruka. Han reiste som bankinspektør rundt om i heile landet før han vart fast på kontoret i Oslo, og då nytta han alltid høvet til å dra innom lagsbruka. Han var absolutt den som gjorde mest i heile den tida for å fremja lagsbruksarbeidet. Vi to arbeidde veldig godt saman. Han brukte meg og eg brukte like mykje han.

*– I desse lagsbruka gjekk du frå å vere styreformann til å vere dagleg leiar. Var det ein kurant overgang, og var det noko som skjedde mange stader?*

– Nei, eg trur ikkje dette skjedde mange stader. Mitt tilfelle var jo litt spesielt. Det kom seg av at eg saman med to andre i styret skulle ha ansvar for drifta av hotell og kaffistove og eigedomar, og ha ein administrasjon der ein hadde ein kasserar, men ikkje forretningsfører. Styret si oppgåve var då å få rapportar og elles stå for og setje i gang alt vedlikehald, bortsett frå det reint daglege. Det var opplagt at ein ikkje kunne få nye styremedlemer som kunne vere i stand til å ta på seg desse oppgåvene.

For meg var problemet kva eg skulle gjere i høve til Al-Metall. For å greie leveransane til Nera måtte det nytt hus til, men skulle vi kjøpe eller flytte? Flytta vi verksemda ut frå Bergen, var det høve til å få tilskot frå Distriktenes Utbyggingsfond, DU. Men det var inga stemning for å flytte. Så kom Nera og sa dei ville kjøpe verksemda, og vi vart einige om å selje. Skulle så eg vera med på kjøpet? Det fekk eg inntrykk av at dei ville, men eg syntest eg var komen godt i gang med lagsbruka, og desse konsulentane våre sa at når det gjaldt denne blandinga av norskdom og økonomi, så var den beste ordninga om styreformannen kunne bli dagleg leiar. Det var vanskeleg å seie nei, først og fremst med tanke på at kunne eg gå inn der, kunne eg bruke nynorsk i skrift og tale heile tida utan problem. Det gjorde utslaget.

Med i salsavtalen med Nera følgde at eg skulle ha same ansvaret for rekneskap og drift fram til årsskiftet, om lag eit halvt år. Det var eit stritt halvår med to jobbar.

## Cornelius B. Bugge – ein gamblar i vest

*– Eg lurar på om motsetningane mellom Vestmannalaget og Noregs Mållag botna seg i at det var meir forretningsfolk i Vestmannalaget og meir filologar i Mållaget. Filologane likte ikkje Vestmannalagets målsyn, men dei skjøna ikkje den økonomiske kompetansen deira. Trur du det kan vere noko i dette?*

– Eg har veldig respekt for det gamle Vestmannalaget, starta av handelsfolk. Den store handelsmannen blant desse var Cornelius B. Bugge. Dei andre hadde lite å seie når det galdt forretningsdrift.

*– Då har det kanskje skjedd ei endring. I førstninga, då Vestmannalaget var skipa i 1868, var jo ei rekkje Bergens-kjøpmenn med i dette laget. Det du seier nå, tyder på at denne kjøpmannsdominansen og økonomidominansen vart svakare fram mot hundreårsskiftet og den tid då lagsbruksarbeidet kom i gang.*

– Det er nok riktig at det var mange forretningsfolk, men det var den nasjonale tanken som låg bak. Det var *det* som var grunnlaget for Vestmannalaget, ikkje forretningsdrift, og det var først ved inngangen til 1900-talet at det vi no kallar lagsbruk, kom i gang. I Bergen skipa Ervingen sitt første lagsbruk i 1903 med namnet Skytningsstova. Vestmannalaget kom her med i 1910.

Det er reint utruleg kva ein kar som Cornelius Berg Bugge, fødd 1865, greidde å få til. Torleiv Hannaas fortel mykje om han i 50-årssoga om Vestmannslaget frå 1918. Der heiter det mellom anna: ”Det er C.B. Bugge som hev teke tyngste taki i alle dei lagsbruk og forretningar som Vestmannalaget hev havt med aa gjera. Det er ein mann med jarn-vilje, og med ein arbeidst-rott som aldri tryt.” Det finst fleire andre gode kjelder også.

Far til Bugge var ein av dei tidlege vestmennene, og sonen kom tidleg med i målarbeidet; han var formann i Vestmannalaget frå 1908 til 1922. Som gründer



skipa han først Norskt Herbyrge L/L i Bergen saman med Vestmannalaget, Hordaland Ungdomslag og Vestlandske Mållag. Lutmidelen var på 10 000 kroner. I august 1910 skipa selskapet ”det første norske herbyrge i Bergen” i Strandgt. 53. Bugge var styreformann i Norskt Herbyrge, og han brukte dette selskapet som grunnlag for kjøp og sal av eigedomar, mellom dei Rådstuplass 3 og Vestre Skostredet 3 og 5. Her vart Vestmannaheimen opna 17. mai 1914 med Wenche Sivle som styrar.

Då Gula Tidend i 1914 vart dagsavis, var det Norskt Herbyrge som hadde mest pengar å setje inn. I 1916 var det Norskt Herbyrge og Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen som lånte 100 000 kroner og kjøpte dei tomtene det nybygget til Det Norske Teatret endeleg stod ferdig i 1985. I 1918 gjekk dei saman om å garantere for 200 000 kroner til utgiving av Bibelen på nynorsk; verket var ferdig i 1921.

I 1922 vart ikkje Bugge attvald til styremedlem og formann i Norskt Herbyrge, og året etter vart firmaet slått konkurs. Buet vart ikkje avslutta før 1928. Undervegs gjekk også Bugge personleg konkurs. Eg har vore i Statsarkivet i Bergen og fått utskrift frå ei rekkje innlegg frå partane. Det går fram at det var vanskeleg å få rekneskapsbøker og andre vedlegg frå dei mange verksemdene utlevert frå Bugge. Det står også at på årsmøta vart rekneskapane lagde fram på lause ark som dei valde revisorane skreiv under på.

Den 26. august 1925 sende Bugge eit langt brev til skifteretten der han peika på at det var verdiar i dei verksemdene som stod på lista, og at det ikkje var grunnlag for konkurs. Men styret i Norskt Herbyrge sa at det i buet var meldt så store prioriterte og uprioriterte krav, mellom anna skattegjeld på om lag 100 000 kroner, at det var ingen veg utanom konkurs.

– Bugge dreiv klehandel i Bergen, var ein sentral person i Vestmannalaget, var med i politisk arbeid i Venstre, og var ei tid fjerde rådmann i Bergen. Var han attåt dette ein gamblar?

– I så fall gambla han for dei store sakene i norskdomsrørsla. Var det ein stor idé i norskdomsrørsla, så fanga Bugge han opp. Kven andre kunne finne på å skaffe midlar så Gula Tidend kunne verte dagsavis, låne pengar for å kjøpe tomt til Det Norske Teatret, eller garantere for 200 000 kroner til Bibelen?

– *Han var altså ein som ikkje gav så mykje opplysingar til andre om det som han stelte med. Var det desse uformelle arbeidsmetodane hans som var hans særmerke?*

– Ja, han kom på kant med nokså mange på grunn av sine disposisjonar. Eg kan likevel ikkje skjøne anna enn at alle hans tankar og all hans innsats var retta inn til fordel for norskdomsrørsla. Med konkursen fall likevel ansvaret for bibelgarantien på Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen, som gav dette laget eit tap på om lag 30 000 kroner. Det var pengar det i dei tider. Då systemet til Bugge rauk overende, vart han difor ein lite omtykt mann. Særleg Hordaland Ungdomslag var ille ute og fekk store tap. Men ein kan nok spørje om han var heilt åleine i dette spelet.

Til styret for Norskt Herbyrge peika kvart av dei tre eigarlaga ut ein styremedlem. Bugge var i alle år styreformann. Eg reknar med at det var dette lutlaget som var grunnlaget for dei fleste disposisjonane han gjorde, men han hadde også fleire andre inngangar. Utanom Norskt Herbyrge var han styreformann i Gula Tidend 1912–23 og i Firda og Sygna herbyrge. Han var også med i styret for Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen 1912–22.

Ved eitt høve ville Bugge selje Kaffistova på Torget i Bergen for å få midlar som kunne brukast til Gula Tidend og måltiltak elles. Nokre andre tenkte også slik. Ein av dei var Halvor Framnes, lektor ved Voss gymnas og formann i Vestlandske Mållag. Han var veldig interessert i lagsbruka til Bondeungdomslaget i Bergen og dei vedtektene dei hadde. Hans meining var at ein burde selje alt saman og bruke pengane til målarbeid, og at det ville vere i tråd med føresetnadene då Bondeungdomslaget i Bergen vart skipa.

*– Dette illustrerer litt av tvistane mellom filologane og dei praktiske økonomane i Vestmannalaget. Ikkje alle ser at Vestmannalaget har hatt mykje å tilføre målrørsla i andre samanhenger?*

– Det eg lurar på når eg no har sett på desse dokumenta om Bugge, er om det var han som fekk gjennomført, eller gjorde framlegg om, vedtektene til L/L Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen, der det heitte at 80 prosent av overskotet skulle brukast til norskdomsrørsla. Det ville i så fall samsvare med synet hans om at pengar til nynorsktiltak var det viktigaste. I alle høve er det ingen andre lagsbruk som har utforma slike reglar om bruken av overskot i vedtektene.

## Det indre liv: kløyving og strid

*– I 1909 blei Bondeungdomslaget i Bergen kløyvt. Ervingen og Bondeungdomslaget gjekk kvar sin veg. Kva for eit av laga var mest konservative?*

– I målsynet trur eg ikkje det var nokon stor forskjell. På den eine sida hadde ein Olav Hoprekstad og Hans C. Roti i Ervingen, og ein hel del personar som så absolutt hadde kvalitet på alle område. På den andre sida hadde ein Eirik Hirth som var minst like konservativ som dei andre. Det var ei gruppe i Ervingen som først og fremst ville tilgodesjå Ervingen; dei hadde jo laga kaffistove, dreiv veldig godt og gjorde mykje bra målarbeid. Det som skilde dei mest, var at Ervingen ville vere litt for seg sjølv, ikkje vere med i Hordaland Ungdomslag, men stå direkte i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Så var det då ein heil del som så absolutt ville vere med i fylkeslaget sitt arbeid. Lovene for Bondeungdomslaget går jo nettopp ut på at ein skal vere med også i Hordaland Ungdomslag og på den måten ta del i arbeidet rundt om i bygdene. Det avgjerande var nok at den krinsen som arbeidde med Gula Tidend, ville ha mest mogleg pengar ut av ein målmarknad som skulle skipast til, mens Ervingen ville ha meir sjølv. Dette trur eg var den steinen som avgjorde.

Ervingane hadde det ordet på seg at dei var påhaldne i økonomiske ytingar. Eg er ikkje sikker på om det i ettertid var så rett å seie det. Det som til dagleg skilde Ervingen og Bondeungdomslaget, var at Ervingen var eit ”rikt” lag som hadde eigedomar og eige hus, mens Bondeungdomslaget ikkje hadde andre inntekter enn dei som dei kunne skaffe sjølve. Også i mi tid kunne ein få inntrykk av at Ervingen var litt ovanpå av di dei hadde midlar. Dei hadde også ein stor del lærarar blant medlemene sine, mens Bondeungdomslaget hadde fleire innflyttarar, syjenter, hushjelper, men berre ein og annan lærar. Der var altså

klare sosiale skilnader mellom laga. I mange år var Ervingen mykje større enn Bondeungdomslaget i medlemstal, men etter som tida gjekk, var det nok slik at der var minst like mange aktive i Bondeungdomslaget som i Ervingen. Det såg eg sjølv i mi tid.

– *Kvifor var det slike skilnader mellom dei to laga i formue og eigedom?*

– Det kom seg jo i første rekkje av at Ervingen alt dei første åra på 1900-talet fekk til kaffistove, seinare også på Torget. Dei tente masse pengar på desse lagsbruka. I 1915 hadde dei kjøpt eigedomen Kong Oscars gt. 15, som fekk namnet Gimle, og som vart samlingshuset for norskdomsarbeidet i Bergen.

Bondeungdomslaget fekk fast møtestad i Gimle for lagsmøte og festar, og vaktmeister Sigvald Isaksen ordna det best mogleg også for oss. Men vi hadde eit lagsrom i Strandgt. 77 som vi leigde av Hordaheimen. Der var det trangt, og vi måtte ofte leige andre møterom til arbeidet i særlaga. Det var både dyrt og tungvint og slitsamt å flytte slik frå stad til stad. Med all aktiviteten i eige hus kunne Ervingen drive laget mykje rimelegare og meir lettvent enn det Bondeungdomslaget kunne gjere.

Vi måtte lære oss til å organisere arbeidet på ein betre måte. Vi var avhengige av ein marknad og at det kom pengar inn. Dei gongene vi hadde samarbeidstiltak, viste det seg at våre folk kunne dette, men Ervingane hadde mindre å stille opp med på organisasjonssida. Dei hadde folk og dei hadde vilje, men dei var ikkje vane til å drive på den måten. Mange Ervingar har sagt til meg at dei var flaua fordi dei ikkje kunne vere med på meir: ”Vi har ikkje folk som kan dette, men det har de.”

Eg kan likevel ikkje hugse at det var noka misstemning mellom oss i Bondeungdomslaget og miljøet i Ervingen. Vi arbeidde for dei same sakene, og vi samarbeidde utan problem når det var aktuelt, i mange høve også om sammøte eller utferder. Nå var leiarane i Ervingen mine venner, og eg slo like lett på tråden til ein erving som til ein bul-ar. Eg kan ikkje sjå at kløyvinga gjorde anna enn

godt ved at det oppstod to lag som begge var svært aktive. Etter krigen var det mot slutten av 1940-åra slik at dette med norskdom på ein måte var nede i ein bølgedal. Det hadde blitt så mykje av det under krigen at nå fekk det vere nok. Og nå var det snakk om samanslåing, men det var nok ikkje særleg alvorleg meint. Eg for min del laga eit oppsett over alle tillitsmenn i Ervingen og Bondeungdomslaget, og kom til at det den gongen var om lag hundre i begge lag som stod på listene over tillitsfolk eller var med i nemnder og slikt. Eg sa at dette viser at dersom vi slår oss saman, får vi ein arbeidsstokk på 100 personar som er aktive, mot at vi har 200 nå. Det meiner eg framleis.

Nå legg eg ut på ein vågsam veg, og eg er ikkje sikker på om verken BUL i Nidaros eller BUL i Oslo vil vere samde i det eg seier, men eg ser det slik at dei var eitt lag i ein stor by og var seg sjølv nok, og det mykje meir enn vi var i Bergen!

– *Kva med eventuelle personlege motsetnader mellom laga i Bergen?*

– Eg hadde nok inntrykk av at gamlekarane og -damene i mi tid var skeptiske til mykje i Ervingen på grunn av det gamle skilsmålet. Men Ervingen hadde også problem med å vere med på noko som helst av samarbeid i lagsbruksarbeidet. Dei følgde ei solid og god linje, og tente pengar, men: ”Her er vårt, dette steller vi med.”

– *Ervingen hadde altså kaffistove frå starten, mens BUL skipa si første kaffistove på Torget i 1912 og Hotell Hordaheimen i 1918, altså ganske kort tid etter delinga?*

– Det var atter ein gong C.B. Bugge som var aktiv, også med å skipa L/L Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen. Med skipingsmøtet 12. april 1912 byrja eit eventyr om ei av dei mest kulturelle kaffistovene i landet, skriv Ivar Eskeland i 50-årssoga for Bondeungdomslaget i Bergen i 1959. Føremålet til laget var å drive kaffistove og med det skaffe midlar ”til fremjing av ymse

kulturfyrelogor”. Det skulle vere tre styremedlemer som alle skulle vere lagsfolk i Bondeungdomslaget, og minst ein av dei skulle vere med i Losje Heim.

– *Kva var Losje Heim?*

– Det var ein mållosje i Bergen, tilslutta IOGT. Dei hadde fleire dyktige folk frå næringslivet, bl.a. bokhandlar Kr. Madsen, som brukte tid og pengar på dette arbeidet.

– *I 50-års saga for Bondeungdomslaget i Bergen står det om eit styremøte våren 1948/49 at du tok opp spørsmålet om å bruke lagsfane i 17.mai-toget. Kva var dette for noko?*

– Dette var eg midt oppe i. Før krigen hadde vi det gamle norske flagget som Olav Rusti hadde laga i gult og raudt. Lagsfana var ei fin og gamal fane i desse fargane. Så tok nazistane desse fargane frå oss og gjorde det til sine. I mai 1945 var ikkje laget kome i gang att, men det samla seg likevel, og då vart det laga til ei fane i form av ei trestong og noko oppe med Bondeungdomslaget i Bergen på, mest for å markere. Dette såg somme på som eit naziflagg. Striden stod på nokså lenge. Det var fleire som var så innbarka om at noko såkalla naziflagg ikkje skulle eksistere i Bondeungdomslaget, mens andre, bl.a. eg, meinte at vi har ingenting med nazisme å gjere: Det er vårt flagg, det gamle norske flagget som vi har hatt som merke i all vår levetid, og vi vil ikkje bøye unna sjølv om nazistane hadde misbrukt dette. Det var nokon som melde seg ut på grunn av dette da det vart vedtatt at flagget skulle brukast.

– *Var ikkje fargane som nazistane overtok, eit problem for Bondeungdomslaget og andre ungdomslag? Ervingen har jo hakekrossen på sitt merke, men dei løyste det slik at dei laga ei gul bot rundt hakekrossen. Men sjølv fargebruken var også eit problem?*

– Vi hadde også bordflagg i dei same fargane som det gamle norske flagget. Desse vart brukte som bordpynt på festar. Men den gamle fana tok til å bli utsliten, og ny måtte altså lagast. Det var Ole Ekornes som fekk oppgåva. Dei

gamle fargane gult og raudt skulle brukast, men med ein anna utforming og med ein standard som var lettare å handtere i ver og vind.

*– I 1951 sende du brev til årsmøtet og stilte eit spørsmål om formålsparagrafen dekte formålet til laget. Hadde du ein baktanke med dette?*

– Eg hadde den tanken at det var snakk om Bjørgvin i namnet. Laget var skipa som Bondeungdomslag i Bergen. Ein del år etter tok styret til å ta i bruk namnet Bondeungdomslaget i Bjørgvin, men framleis heiter det Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen. Eg gjorde vel ikkje noko anna enn å få grunnlag for å få slutt på dette. Det var stor oppstandelse i laget, for det førte jo til slutt til at namnet Bondeungdomslaget i Bergen vart vedteke med ei stemme i overvekt. I førstninga var eg for Bondeungdomslaget i Bergen, men Per Håland overtalte meg: Han meinte Bondeungdomslaget i Bjørgvin var det einaste rette, og at vi ikkje kunne kaste vrak på Bjørgvin-namnet sjølv om det ikkje var populært i byen. Utgangspunktet for meg var at eg som kaffistovestyremedlem ville få orden på dette. Ein del av dei gamle var på gråten. Eg stemte for Bjørgvin-namnet.

*– I boka om Bondeungdomslaget i Bergen står det om både saumar-lag og konelag og jentelag. Hadde desse kvinnelaga i Bondeungdomslaget tilknytning til lagsbruka, eller levde dei sitt liv uavhengig av dette?*

– Styret i kaffistove var samansett av tre menn – ja, det var kvinner med i biletet i blant, men det var eit lutlag, heldigvis, for då var det dei som møtte på årsmøtet som hadde avgjerdsmakta. Kaffistovestyret hadde jo ikkje berre ansvar overfor bondeungdomslaget, men også overfor dei andre eigarane som er nemnde i vedtektene. Det som har kjenneteikna Bondeungdomslaget, er at der er så mange aktive særslag, frå skyttarlag til fotolag utanom dei tradisjonelle song- og danselaga.

*– Var det då eit poeng at dei skulle få halde på med sitt?*

– Ja. Styringsvedtektene gjekk ut på at eit særslag vel sjølv sitt styre. I Ervingen var det årsmøtet som valde styre i særлага, men alle særлага hadde



fullmakt, men var sjølvsagt ikkje ubundne av vedtektene til laga og føremålet, og styret hadde veto i tilstellingar slik at det ikkje skulle vere tilstellingar i eit særslag samtidig som laget hadde tilstelling. Men vi hadde jo Selsvik gard som vart kjøpt som utfartsstad i 1918. Der var det årvisse stemne som samla opptil eit par tusen menneske. Her vart mykje gjort på dugnad, og då måtte alle særlega med. Det var ein god tradisjon.

– *Ervingen kjøpte Gimle kring 1912, og de hadde felles lagshus til Bondeungdomslaget kjøpte Fensal i 1965?*

– Ja, vi var leigebuarar hos dei. Tidlegare var det jo fleire salar som vi kunne bruke, som Turnhallen. Der var jo ein 15–16 bygdelag i Bergen på den tida som skulle ha møterom. Det var ikkje så enkelt å skulle ha lagsmøte i Gimle. Skulle ein ha kaffi, måtte ein dra med koppar like frå lagsrommet i Strandgata.

– *Du var sentral i arbeidet med å kjøpe Fensal?*

– Eg har ein gong i mitt liv lagt fram kalkylar som eg visste var på kanten av det ansvarlege, og det galdt kjøp av Fensal. Vi la inn ein heil del som hadde lite og ikkje å gjere med akkurat det reint økonomiske. Hadde ein revisor gått gjennom dette, ville han ha sagt at dette ser greitt ut, men de kan jo ikkje byggje på dette. Vi bygde på det. Det var stor oppstandelse, og nokre av ”gamlekarane” som hadde vore med frå 1923, møtte opp for å sjå på kva slags galskap dette var. Styret med Olav Bakke, Olav Selvik og eg kom etter mykje om og men fram til kva vi kunne vinne på dette. At Bondeungdomslaget kunne få eige hus til lagsverksemda, var noko alle såg fram til. At lagsromma i Cort Pilsmauet 7 kunne takast inn i hotelldrifta, talde også mykje for kjøp. Alt roa seg, og det var ikkje nokon som røysta mot kjøpet. Laget hadde ein fantastisk framgang etter dette, men vi overtok eit kråkereir. Årevis med dugnadsarbeid måtte til. På kjøkkenet var det kolbinge til å fyre med. Huset var ferdigbygt i 1900, eit prektig hus den gongen, men det var ikkje halde ved like. Det var fjorten små fagforeiningar som hadde eigd huset, og dei hadde ikkje hatt økonomi til å ta vare

på verdiane etter at dei store fagforeiningane hadde bygt eit større hus og flytta ut.

I 1974 bygde BUL om Kaffistova på Torget i Bergen. Med unntak av møblane og sjølvbetjeningsdisk i andre etasje var det mykje slik det var i 1913. Då måtte ein gå temmeleg hardt til verks. Kaffistova vart lagd ned for ein del år sidan, for huset eigna seg ikkje til kaffistovedrift, langt og smalt som det var. Då eg viste teikningane for nokså omfattande endringar, var det mange som åtvare og sa at dette kunne aldri gå. Så mykje hadde forandra seg, og det som var god forretning tidlegare, var no ein hemske. Men det gjekk jo bra på grunn av rasjonalisering og forenkling. Vi tente pengar i ein god del år og vart ganske store arbeidsplassar. Frå 1960-åra og utover sende vi i Lagsbruka til BUL i Bergen ut over 300 lønnsmeldingar, og vi hadde om lag 80 heilårsstillingar. Mitt arbeid i den tida gjekk ut på å minke talet på tilsette.

Då det tidleg på 1990-talet kom på tale å selje Kaffistova i Bergen, hadde eg vore pensjonist i mange år. Eg vart innkalla til rådsmøtet som ville høyre mi meining. Sånn som stoda var, tilrådde eg sal. Vi hadde bomma på utviklinga. Dei siste to åra eg var dagleg leiar, hadde vi vøling av kaffistova på tapetet. Den gongen ville eg ikkje presse fram noka avgjerd og på den måten trekkje ein sekk nedover hovudet på min ettermann; han måtte stå fritt om ikkje styret ville ta initiativ. Kaffistova gjekk i balanse eller med små overskot dei siste åra eg hadde ansvaret, og no var det snakk om å investere langt over fem millionar kroner. Det var nok bortkasta pengar, men eg var usikker og hadde ikkje vit til å rå dei frå det.

Som vanleg ved ombyggingar vart det dyrare enn planlagt. At huset med sine tre etasjar vart dyrt å byggja om, er greitt. Men i ettertid er det lett å sjå at ein sjølvsagt skulle sett på den statistikken som viste at kundane for ei kaffistove hadde endra seg. Dei gode, gamle kundane var borte. No kom det nye folk med mindre tid. Lojaliteten også blant lagsfolk forsvann. Det tok til alt i 1980-åra,

kanskje endå tidlegare. Det kom ein ”snarkjøp” i første etasje, og det var jo greitt, men grunnlaget for god kaffistovedrift med studentar og landsungdom og ungarar som skulle ha middag, var der ikkje lenger. Studentsamskipnaden hadde mykje billegare mat. Det tok ikkje vi nok omsyn til. At overgangen tvers over gata til Fisketorget vart stengt, gjorde vegen til Kaffistova lenger, og det var mange serveringsstader å gå forbi på den nye omvegen dit.

Likevel, å leggje ned kaffistovedrifta i eit hus som frå 1913 hadde stått som ein ”merkestein” for bymann og bonde, var ikkje lett. Det var semje om ombygging og modernisering, men det førte til tap. Etterpåklokskap vil alltid kome fram i slike høve, men viljen til å få den gamle ”gullgruva” til norskdomsrørsla på fote att var stor.

## Å drive lagsbruk

– *Der var mange lagsbruk etter kvart, men samarbeidde dei seg imellom?*

– Ei rekkje namn kjem fram frå alle dei møta eg var med på frå 1949 til 1979, då Lagsbrukssamskipnaden vart skipa (seinare Norske Lagsbruk).

Tidlegare hadde det vore slik at det i Noregs Ungdomslag var ein person som stod for arbeidet i samråd med formannen i Lagsbruksnemnda. No vart det eigen administrasjon. På kvart årsmøte var det alltid noko nyttig å lære. Men det var ei pussig forsamling på den måten at der var lite tillit mellom kollegaer. Ein måtte ikkje la naboen få vite noko om si eiga drift! Mykje av møtetida gjekk med til samordning av bruk av pengar til norsksdomstiltak. Folk kom att år etter år, og det var ei fin nynorsk forsamling. Det var slik at når ein avslutta med ein song og alle stod samla og oppreiste, følte ein seg fornya: Her er eit norsksdomstiltak!

Ikkje alle lagsbruk var like ivrige til å bruke nynorsken i sitt daglege liv, og mange kaffistover og bondeheimar sleit med å kunne bruke nynorsk til ei kvar tid. Dei sa dei brukte nynorsk, men dei fuska ikkje så reint lite.

– *Var det mange økonomiske individualistar i lagsbruka som ikkje ville lære av kvarandre?*

– Nå er vi inne på mange problem. I utgangspunktet er det sånn at lagsbruka er ikkje noko som er kome ovanifrå, frå organisasjonane, men tiltak som har vokse opp utover i heile landet utan den aller ringaste hjelp frå hovudsamskipnaden Noregs Mållag eller Noregs Ungdomslag. Etter kvart som eg vart med i dette arbeidet, særleg i dei seinare åra, vart eg meir og meir imponert over dei som fann ut at det skulle skipast kaffistover. Den første kaffistova kom jo til i Oslo i 1901, men dei kom jo som perler på ei snor rundt ikring i alle byane. Kaffistovene var ei merkeleg blanding av store og små og av ulike typar tiltak.

Enkelte plasser var det dugnad, og andre stader var det enkeltpersonar som greidde å få noko i gang trass i store problem.

Det var mest ikkje noko samarbeid mellom lagsbruksfolk og dei enkelte lagsbruka. Det kom etter kvart. I dei åra det var lagsbruksmøte kvart år, var det veldig mange ting å lære, og det var mykje som kunne forteljast. Sigmund Dale brukte meg mykje til innleiing om samarbeidstiltak, og desse innleiingane vart godt mottekne og diskuterte. No skulle noko skje! Så kom vi heim att, og så skjedde det ingenting.

*– Så det var slik den gong som nå – mange gode idear på møte, og ingenting skjer?*

– Enkelte lagsbruk var suverene overfor dei lokala laga og ikkje minst overfor kontoret i Oslo. Forsøk på å få noko ut av laget, eller kome med eit pålegg, la dei aller fleste bort. Ein kunne sitje på eit lagsbruksmøte saman med gode venner der dei skrytte, dei som var heldige og tente pengar, mens dei som ikkje tente pengar, ikkje sa noko. Viss ein da gjekk nærare innpå og spurde om ein kunne få sjå rekneskapen, så var det nei. ”Her skal ikkje nokon sjå i mine saker”. Dette gjaldt ikkje berre lagsbruk. Tida var slik at naboen ikkje skulle vite nokon ting, anten du dreiv kafé eller forretning eller noko anna. ”Det er mi sak, det skal ikkje du ha noko med å gjere.”

*– Dette har vel bakgrunn i historia?*

– Det var enkelte sterke enkeltpersonar som på eige initiativ kanskje kjøpte ein bygard, tok opp lån og starta på eiga hand. Men her var det mange variantar, til dømes Trønderheimen, der heile Trøndelag samarbeidde om å få dette til, med ei nemnd som organiserte det. Andre stader var det lagsfolk som skillinga saman grunnlaget for å setje i verk eit lagsbruk. I alle høve fekk dei eit sterkt eigarforhold til dette, iallfall i forhold til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Det merkelege var at i Oslo og Bergen, som eg kjenner spesielt til, der gjekk det

ikkje an å samarbeide, ikkje ein gong innanfor Bergen. Eg tok opp mange tiltak når eg fekk tid, som samla innkjøp, men enkelte skal nå vere seg sjølv nok.

– *Lagsbruka kom altså gjerne til nedanfrå, men dei ville ikkje samarbeide, og ideen om samarbeid på tvers kom vel helst frå Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag sentralt. Det må ha vore ei sterk motsetnad i dette?*

– Eg har kanskje ikkje uttrykt meg helt korrekt når du ser det slik. Sentrale personar som Victor Krüger og formannen i Noregs Ungdomslag, Vegard Sletten, var jo sterke karakterar. I 1948 vart det sett ned eit utval som skulle kome med framlegg om samarbeid. Eg er ikkje så sikker på om det berre var for at dei på toppen i landssamskipnadene skulle få meir å seie. Det var vel meir fordi dei såg at drifta kunne bli betre forretning viss lagsbruka vart organiserte betre. Dei som reiste rundt såg jo dei store skilnadene og at det ikkje berre gjaldt nyansar, men at forgubbinga var i gang. Eg trur ikkje det var vondt meint at dei i Oslo skulle bestemme meir, men dei ville ha ei betre forretningsdrift, ikkje berre bestemme i seg sjølv.

– *Var lagsbruksskatten noko moment for samarbeidet i 1940-åra?*

– Ikkje meir enn før. Dei som ikkje ville vere med og betale, var først og fremst lagsbruk i Lofoten og Vesterålen. Dei dreiv til dømes folkehøgskule i Kabelvåg, og meinte det var viktigare enn å betale til Oslo. Enkelte andre lag hadde rett og slett eigeninteresser og ville ikkje betale fem øre. I arkivet i Noregs Ungdomslag ligg det tjukke brevvekslingar om desse emna mellom styret i Noregs Ungdomslag og forskjellige lag.

Det tok mange år før det vart noko samarbeid i det heile. Tida kravde planlegging for framtida, men det var det som vart forsømt, og det kunne ikkje noko samarbeid erstatte. Fagkunnskapen mangla og mange lagsbruk måtte gi opp. I mange lagsbruk var der også mykje usemje. Her var det i staden fylkeslaga som var avgjerande, det var berre dei som hadde utsyn nok.

– *I det landsdekkjande samarbeidet mellom lagsbruka var det vel nokre gjengangarsaker?*

– Eg var med på alle dei nasjonale fellesmøta for lagsbruka frå 1949 til Lagsbrukssamskipnaden vart skipa i 1979. Eitt spørsmål som ganske fort kom opp der, var dette med å betale skatt. Kva kunne ein gjere for å betale mindre skatt? Når så mange dreiv med store overskot, vart skatten eit problem.

Her var det store forskjellar kommunane imellom. Det var enkelte som hadde ein likningssjef som kanskje var interessert i målrørsla, eller kanskje det var korrupsjon, ikkje veit eg, men det vart fortalt av fleire, helst på tomannshand, at dei fekk godkjent det dei la fram. Enkelte stader var det også slik at lagsbruka heldt høg standard hos styresmaktene, og alt vart lagt til rette; dei fekk ordne seg best mogleg. Andre hadde då ein likningssjef og ei likningsnemnd som ikkje godtok noko som helst og som skulle ha greie på alt mogleg.

Det skal vere ordentleg rekneskapsføring, det er greitt. Vi veit at i handelsnæringa, ikkje minst i kaféverksemd og liknande, er det lett for ein privat eigar å halde inntekter utanfor. Det har lagsbruka fått merke. Eit lagsbruk kan ikkje la vere å syte for at alle inntekter blir bokførte rett og riktig. Ein privatmann kan ordne seg korleis han vil, men eit lagsbruk kan ikkje underslå noko eller drive med svart arbeid. Det ville øydeleggje for heile organisasjonen og den samla rørsla. Eg kjenner ikkje til at dette er blitt gjort nokon stad, men dermed har eg ikkje sagt at det ikkje er blitt gjort. Har ein eit styre, ein formann og dagleg leiar, er det jo klart at dersom det føregår noko muffens, så vil det spreie seg til heile organisasjonen.

Eg veit så inderleg vel korleis mange av konkurrentane til lagsbruka dreiv med svart betaling av arbeidshjelp. Som oppnemnd medlem Fylkesarbeidsnemnda i Hordaland, og i samarbeid med avdelinga for statistikk til Noregs Bank i Bergen, fekk eg utdrag av personalstatistikken og personalkostnader for serveringsverksemd. Der var det så tydeleg at når eit

lagsbruk inne i bildet, var personalkostnadene heilt annleis enn hos private. Dette visste skattestyresmaktene, og dette tok dei omsyn til.

Mange stader fekk nok skrivaren i eit fylkeslag betalt full lønn over drifta i lagsbruka. Det var nok utanfor skattereglane, og ei sterk subsidiering av lagsarbeidet. Eller når eit lag som stilte hus gratis til rådvelde for lagsarbeidet, og kanskje leverte mat til underpris, er det klart at dette var overføringar som ikkje kom fram i lyset. Det viser at utanom offentlege tilskot til norskdomsrørsla ligg det kanskje like mykje i skjulte overføringar til slike einskildlag. I grunnen var det slike ordningar som gjorde at fylkeslaga kunne halde fram.

Lagsbruksverksemda har nok vore dårlege lønnsbetalarar. Det har også gjort at ein ikkje alltid har fått gode nok folk. Problemet er likevel ikkje så enkelt som å seie at vi berre er dårlege betalarar. Eg har hatt mange gode avdelingsleiarar. Den nominelle lønna er berre ein del av dette. Når det kjem inn kjøkkensjefar og seier at dei hadde den og den lønna, men i tillegg skulle dei kunne ta ut den maten dei ville, var det heilt umogleg å følgje opp. For eit lagsbruk var det uråd å forsvare dei summene som gjekk til slik skjult lønn. Iallfall kunne ikkje eg finne nokon grunn til å drive med slikt. Då ville det ikkje vere lenge før personalet tenkte som så: Kan han stele, kan eg stele. Har du ordentleg statistikk, viser denne om det er eit urimeleg svinn.

– *Du var ein streng styreleiar?*

– Ikkje streng, men ein må ha kontroll, og ein må ha folk ein kan stole på, elles er det håplaust. I tillegg kom dette som var heilt gjennomført i bransjen, at når kjøttleverandøren kom med matleveransane, var det alltid ein ekstra pakke til kjøkkensjefen. Det hadde vi mykje problem med. Innkjøpsordningar som vi fekk i stand, måtte då gjerast slik at det var forbod mot å gi noko ekstra til kjøkkensjefen. Men det eksisterte ingen i bransjen som ikkje hadde det systemet, så det var ikkje lett å få det vekk.



– Iallfall i tida rundt 1920 var det ut frå listene du har laga, gjerne eit årsresultat på 8–12 % i mange lagsbruk. Korleis vil du vurdere slike resultat?

– Det var jo faktisk mykje vanleg i den tida med slike resultat, og det var nødvendig om ein skulle utvikle seg vidare.

– Du nemnde at lagsbruka kjørte eit ryddig løp overfor skattestyresmaktene. Likevel, med så mange lagsbruk, vi snakkar jo om langt over hundre, og med den motviljen du har nemnt mot å vise tal, må det vel ha vore nokre brotne kar blant lagsbruka også? Har du aldri høyrte om ting du meiner var tvilsame?

– Eg har ikkje høyrte noko, men for å omgå spørsmålet litt i første omgang, kan eg vel seie at eg fleire gonger har vore beden om å sjå på enkelte lagsbruk som har kome i vanskar. Då har det iallfall hendt i to tilfelle at den ansvarlege har berika seg. Slikt skjer iblant. Men dersom du tenkjer på at dei i drifta tek unna pengar, så har eg aldri høyrte om det. At det kan ha skjedd i mindre lagsbruk med kollegiale samarbeid, er nok likevel mogleg.

Personlege underslag kan ingen gardere seg mot. I det eg har sagt, har eg tenkt meir på den systematiske unnaluringa i f.eks. lønnsoppgåver, lønnsutbetalingar og slikt. Det står fast at lagsbruka i det store og heile var svært ryddige og visste kva dei skulle gjere og ikkje gjere. Ja, eg trur eg kan seie nokså sikkert at lagsbruka har hatt ei ordentleg føring av rekneskapane. Svikt har høyrte unntaka til.

– Dei beste og flinkaste i klassen var vel ikkje så redde for å fortelje kva dei hadde gjort og fått til. Det var vel heller dei som ikkje hadde tent så mykje, som ikkje var glade for å vise fram tala sine. Dei var vel prega av husmannsånd og kompleks overfor dei som gjorde det best?

– Ja, det er klart. Dei som hadde godt resultat år etter år, kunne stå frimodig fram og fortelje korleis dei hadde ordna seg. Men det er klart at dei som sleit, og som kanskje spanderte ein tur til årsmøtet for ein eller to som ei slags belønning,

for dei var det ikkje morosamt å stå fram og seie at vi har ikkje noko å skryte av. Men det var altså vanleg at det var tabu å vise naboen eller konkurrenten rekneskapstal. Kva har han med mine tal å gjere? Eg passar på mitt, du passar på ditt.

*– At lagsbruka jamt over var bedriftsøkonomisk og skattemessig ryddige, førte det til at lagsbruka fekk eit slags offentleg kvalitetsstempel?*

– Noko offentleg kvalitetsstempel fekk ein vel aldri, for det vart aldri sagt noko om det. Men kvart einaste år når vi gjorde opp rekneskapen og dette med skatten, så var det jo slik for oss i Bergen at Olav Bakke var revisor, skatteinspektør som det heitte den gongen, ein god del år, før han vart kontorsjef i Fiskeridepartementet. Han visste vel om dette og kjende folk der. Ofte gjekk vi begge, men som regel var eg åleine, og la fram spørsmål om avskrivning og aktivering hos likningskontoret. Eg meiner at dei fleire gonger gav uttrykk for at dette var ordentlege greier. Då snakka vi ope om alt og var einige om at reglane var litt tøyelege, og likningskontoret var ikkje mot å tøye dei lite grann når dei fann grunnlag for det.

*– Var det fordi det her ikkje var snakk om personleg vinning, men at det var noko som gjekk til eit ideelt føremål?*

– Nei, eg trur ikkje det gjorde inntrykk. Det var nok heller slik at vi inviterte til samarbeid i staden for å kome med advokat og seie at sånn vil vi ha det. Mange fekk hjelp, særleg av Sigmund Dale, som var ekspert på slike saker. Han rettleidde mange og sa ope og ærleg at frå vår side strekkjer vi det lengst mogleg. Det er styresmaktene som pliktar å seie nei dersom vi går over streken. Vi skal gå lengst mogleg.

*– At lagsbruksstyra blanda seg opp i alt mogleg i den daglege drifta, er det eit døme på at målrørsla sine sterke demokrati-ideal kolliderte med næringslivets behov for heilt andre avgjerdsprosessar?*

– Ja, du veit, i eit lag som kan telje nokre hundre menneske, vil du vel finne ein del som er interesserte i å diskutere detaljar til dei blir blå. Når eit lagsbruk er direkte eigd av eit lag, og dette laget vel eit lagsbruksstyre, kan det vere stor skilnad på kva slags fullmaktar styret får, men ofte har det nok vore sånn at det skal diskuterast i laget. Då er det jo så at enkelte likar ein stol og enkelte ikkje, og viss det då er større ting på gang, vil det vere mange som føler at her skal dei ha ei meining om dette. Driftsmessig er det veldig vanskeleg for eit styre å kunne gjere eit rimeleg godt arbeid viss dei skal bli kontrollerte av enkeltmedlemer på den måten.

*– Organisasjonsdemokratiet slit vel i det store og heile med å løfte diskusjonen opp på eit overordna og prinsipielt plan, og setje nokre mål for det ein arbeider med. Dei demokratiske prosessane kan bli eit hinder for nødvendige endringar, som i neste omgang kunne kome organisasjonane til gode, i dette tilfellet i form av betre økonomisk resultat for lagsbruka?*

– Om dette med å ha ansvar for den enkelte stol, vil eg sitere den styreformannen som sa til meg at ”du kan vere lukkeleg, du, som har med eit aksjeselskap å gjere, for dermed så har du fullmakter.” Eg trur det har eksistert lagsbruk som ikkje har hatt vedtekter i det heile, at dei rett og slett var eit tiltak som eit lag sette i gang, ferdig med det. Vi la tidleg opp til at lagsbruka måtte bli omforma til lutlag. Det hang saman med dette at når eit lagsbruk må gi opp eller går konkurs, ville laget miste alle egedelane sine. Er det derimot eit lutlag, mistar dei berre dei verdiane dei har gjennom aksjane, om dei då ikkje har gitt særskilde garantiar. Vi har hatt nokre temmeleg stygge saker, til dømes i Narvik, der laget mista alt dei eigde. Det same skjedde i Arendal. I si tid kosta det lite å gjere slike endringar. I dag kostar det mykje pengar å få inn i grunnboka alle desse skiftingane; jo meir verdiar, jo meir skal staten ha.

*– Kor kom pengane frå når ein sette i gang eit nytt lagsbruk? Fanst der investorar som idealistisk sette inn pengar utan å krevje styringsrett?*

– Det første lagsbruket, sett i gang av Bondeungdomslaget i Oslo, var ei forretning som vart skipa i 1901 då ei nemnd fann ut at dei skulle ha ei kaffistove. Då var det midlar å hente frå overskotet på den store Målmarknaden i 1898, dessutan innsamling blant medlemene. Trøndelag med Trønderheimen er vel det største og beste dømet på korleis heile bygdelag gjekk saman om å skipe det dei såg på som sitt hus i Trondheim. I Kristiansand var det mållagsmedlemene som skaut saman. Det same var det med Sarpsborg. Det var meininga at dei skulle få midlane tilbake, men dei var så idealistiske at dei gjerne ville greie det same som andre hadde fått til. Elles kan ein vel finne eksempel på einskildpersonar som har vore drivkrafta og har greidd å få lån eller kapital på forskjellige måtar.

## Behovet for investering og utvikling

*– Eg har inntrykk av at diskusjonen gjekk mykje på å spare skatt, men at lagsbruka ikkje tenkte så mykje på å investere for framtida?*

*– Nei, og det var veikskapen og årsaka til elendigheita som kom seinare.*

Etter kvart var det ikkje snakk om å spare skatt, men å ordne finansiering til å utbetre nedslitne anlegg. I mange gode år var det eit tiltak å planleggje vidare, for alt gjekk så greitt. Her gjorde nok ikkje alle si plikt. Ved eitt høve sa eg at situasjonen no var blitt så ille at det måtte bli slutt på at amatørar skulle styre. Du kan nå likevel ikkje skjere alle amatørar over ein kam heller. Det var mange som var veldig flinke. Det vart aldri betalt lønn til styret, dei fekk i høgda ein tur til lagsbruksmøtet, og då var det greitt nok slik at alle som sikkert hadde ein travel kvardag i sitt eige arbeid, ikkje kunne leggje planar og lage kalkylar. Kanskje hadde dei verken kapasitet eller kunnskapar nok. Du lærer ikkje det om du er aldri så god ein folkedansar. Dermed kom overgangen til profesjonell drift for seint i gang.

*– Kva tid vil du seie at problemet med å spare skatt blei til problemet å skaffe pengar til oppgradering?*

*– Det kom nok alt i 1950-åra, men vart for alvor eit tema i 1960-åra, når samfunnet var i sterk endring.*

*– Du har fleire gonger vore innom amatørismen i lagsbruksstyringa. Eitt slike emne er vel dette med organisering av eit personleg selskap og endring til eit aksjeselskap, med den profesjonaliseringa det kunne opne for?*

*– Det er lettare å sjå i ettertid at det gjekk sin skeive gang. Eit eksempel er Gildevangen, Bondeheimen i Trondheim. I si tid var det eit fantastisk anlegg. Dei hadde eit styre som var sett saman av gode lagsfolk. Anlegget var heilt nedslite,*

og styret hadde ikkje særlege planar om framtida for hotellet. Det var skremmande, men eg er redd det finst mange slike eksempel rundt om.

– *Du nemnde ein gong styrarar som klaga over at dei ikkje fekk fullmakt, men måtte gå til styret når dei skulle kjøpa ny stol eller noko anna. Var det ikkje gjennomgåande slik at styrarane heller ikkje fekk vanlege fullmakter til å drive, men at styret skulle bestemme kvar minste ting?*

– Det var nok ein kultur ifrå starten av, men det endra seg etter kvart. Der var mange gamle gode lagsbruksfolk, men det var jo gjerne slik at ein styrar, ei styrarinne eller husmor, hadde å sjå etter og organisere det daglege, men elles ikkje hadde fullmakt til noko. Det kom fram på ein merkeleg måte, for lenge var ikkje ein einaste tilsett med på lagsbruksmøta. Sjølv om vi hadde eit kjøkkenfagleg eller fagleg emne, var det styreformannen og ein eller to frå styret som møtte. Då eg vart styreformann, tok eg med meg avdelingsleiarar på desse møta. Det fekk eg mykje kritikk for frå somme som meinte at dei hadde ingenting her å gjere. Men det varte ikkje lenge før det kom mange. Eit samvær med dei tilsette samtidig, slik at dei får innblikk i organisasjonen og kan snakke med andre, først då kan ein snakke fag med andre i liknande stillingar. Samtidig kan leiarane vere med og få nyttig informasjon om sitt eige lagsbruk.

– *Korleis endra samansetninga i styret seg?*

– Det gjekk lang tid. Først da vi fekk Lagsbrukssamskipnaden, vart dette med styrekurs teke i bruk. Det fortvila var jo det at dei som hadde bruk for det, ikkje kom. Men eg trur det var nokså samstemt at noko måtte skje. Etter kvart fekk eg inntrykk av at det var stemning for at her må vi gjere noko og ha ein organisasjon som verkeleg kan hjelpe oss. Dermed enda det med Lagsbrukssamskipnaden med eigen administrasjon og fagfolk som skulle kome inn og gi råd.

– *Mange fagre ord om samarbeid, men når det kom til stykket, så var det ikkje alltid like konkret likevel?*

– Nei, eit av tiltaka var jo sams innkjøp av papirvarer, kjøkkenmaskinar eller samarbeid om reklame for å spare pengar. Ved eit høve på 1970-talet vart det sett ned ei nemnd etter ei innleiing eg hadde halde om dette med sams innkjøp. Mikael Grude frå Oslo, Eirik Moen frå Molde og eg sat i nemnda. Vi hadde møte og kom med store framlegg, og på papiret såg det fint ut, men det var berre to-tre lagsbruk som følgde opp. Ikkje ein gong alle i nemnda greidde å følgje opp. Grude melde at han ikkje kunne vere med på slike ordningar, for dette var det styret som avgjorde. Slik vart lagsbruka i Oslo styrte den gongen.

– *Var det ei orsaking eller var det reelt?*

– Det veit eg ikkje. Grude hadde handelshøgskule og diplomutdanning frå USA, var jurist og økonom og skulle gjere alt. Men om det var han, eller om det var styret som ikkje gav han fullmakt, det veit eg ikkje. I Bergen hadde vi samarbeid om innkjøp av dekketøy, for så vidt på landsbasis også, ved at Porsgrund Porselen hadde eit mønster som ein kunne ta ut med sitt namn på, med 20 % rabatt. I Bergen hadde vi også samarbeid med Vestlandske Salslag. Der var alle lagsbruka med, også Ervingen. Dei kunne ikkje seie nei når dei fekk sjå kva dei ville tene på det. Elles var det sånn at styraren deira var med på nokre møte der vi hadde alle avdelingsleiarane med, også frå dei andre lagsbruka i Bergen. Ein dag ringde styraren og sa at styret hans meinte han ikkje skulle gå på slike møte.

– *I kva grad blei styret etter kvart ein propp? Var det daglege leiarar som blei stoppa av styre som ikkje såg poenget med ekspansjon eller nye planar som daglege leiarar kanskje hadde, eller var det like mykje omvendt? Eg spør fordi den stagnasjonen som skjedde, må ha sine årsaker.*

– For det første er det å seie at det var ikkje så mange verksemdar som hadde dagleg leiar i det heile. Dei hadde eit styre som hadde ansvaret for alt, det hadde vi faktisk i den omfattande verksemda som lagsbruka til BUL i Bergen utgjorde hadde like til eg tok til som dagleg leiar i 1965. I Oslo hadde dei tidleg

ei slik ordning fordi Forretningane til BUL i Oslo snart vart ei stor verksemd, og då måtte dei ha ein til å stelle med forretningane – det kunne ikkje styret ta seg av. Gildevangen i Trondheim hadde direktør, Trønderheimen hadde Trygve Hærnes som forretningsfører, ein svært dugande kar, og saman med hotellstyrarinna hadde dei det daglege ansvaret. Også i Namsos var det ein direktør. Elles hadde lagsbruka gjerne ei husmor, eller styrarinne, som var tittelen mange plassar. Hennar fullmakter var veldig forskjellige og heilt avhengig av personen og kjemien mellom henne og styret. På denne måten vart det ofte for lite dynamikk all den tid styret skulle gjere så mykje.

*– Denne forvitringa på 1960-talet ligg av og til hos dagleg leiar, av og til hos styret, men kan også liggje hos eigarane som ikkje lenger heilt visste kvifor dei skulle ha eit lagsbruk? Bruket var der, og dei ville at drifta skulle gå best mogleg, men dei hadde mista både historia og den umiddelbare fordelene av at dei tente godt med pengar. Dermed mista dei ein del av illusjonane, men hadde nok ikkje evna til å sjå opp og fram for å tene nye pengar. Delar av norskdomsrørsla har kanskje ikkje vore så original som ein gjerne vil det skal sjå ut til. Desse lagsbruksmiljøa voks opp under den store omveltinga frå 1885 fram mot 1920, og dreiv i kjende spor til nedturen kom i 1960-åra. Når det så tok til å bli meir profilerte kaffistover att i 1990-åra, var det noko som følgde ein meir allmenn fornyingstendens.*

– Eg har ikkje tenkt over det som du nå seier, men eg trur du har rett. Tendensane som gjer seg gjeldande slår også inn i lagsbruka. Når ein driv forretning, så må jo forretningsprinsipp liggje til grunn viss verksemda skal fungere. At mange lagsbruk har synda mot denne regelen, er heilt klart, men det sanneleg skjedd i mange private bedrifter også, ikkje minst i småbedriftene.

*– Ein ting er at målrørsla i sine egne skrifter ikkje har tematisert kor viktige lagsbruka har vore økonomisk, men dei har jo heller ikkje tematisert kor viktige lagsbruka har vore ideologisk. Når pengane uteblei, hadde dei dermed*



*ikkje den andre sida av saka heller. I eit notat av 14. april 1997 skriv du at lagsbruka gjorde norskdomsrørsla meir synleg for folk flest. Det trur eg ikkje er ei forståing som har vore særleg utbreidd i målrørsla. Men på kva måte gjorde den norskdomsrørsla meir synleg?*

– Du stiller spørsmålet på ein måte som eg i grunnen ikkje har tenkt over. Eg kan vel dra litt ut av lufta og seie det sånn at med dei kaffistovene som voks opp og fekk eit veldig godt ry, og med så mange gjester som dei hadde, så er det jo klart dei gjorde seg gjeldande i landskapet. Når ei bedrift som Kaffistova på Torget i Bergen, som kunne ha eit overskot på 50 000 kroner kvart år fram mot 1920, er det klart det viser i landskapet. Mykje seinare høyrde ein ofte om folk som sa at når dei var på tur i Bergen og såg ei kaffistove, så gjekk dei der, for der visste dei at det god mat og godt stell. Men dei kafeane som var rundt om i 1960-åra, var ujamne i både pris og kvalitet.

*– Eit gjengangar-argument har vore at nynorsk kostar så mykje pengar, at det kostar å ha to jamstelte språk. Viss vi tek eit år som 1937, som er eit av dei første åra vi har tal for når det gjeld offentlege tilskot: Det året fekk Det Norske Teatret 125 000 kroner og Det Norske Samlaget 29 000 kroner i offentlege tilskot, til saman 154 000 kroner. Kor mykje kan vi så rekne med at lagsbruka åleine betalte til det offentlege i form av skattar og avgifter same året?*

– Det anar eg ikkje. Men eg sit med eit stort skjema som viser at i dei første 50 åra frå 1912 betalte Lagsbruka til BUL i Bergen godt over ein million kroner i skatt til stat og kommune. Viss ein då gir seg til å fabulere, kan ein seie at vi hadde altså om lag hundre lagsbruk på den tida, at der var mange små og få store, men kanskje betalte ein tredel av dei like mykje. Då snakkar vi om 30 millionar kroner i skatteinntekter for det offentlege. Nynorsken har altså skapt store samfunnsverdiar.

*– Det som må ha vore av amatørisme i lagsbruka var dei vel neppe åleine om. Eg går ut frå at dette kunne ein også finne i til dømes dei mange*

*fråhaldskafeane, av typen Totalen i Haugesund, driven av DNT. Var det ikkje i det heile mykje prøving og feiling i denne servicenæringa? Men hadde de noko kontakt med andre store rørsler, som fråhaldsrørsla eller organisasjonane med alle sine misjonskafear?*

– Når du skal drive ein kafé eller eit hotell, og drive på ein økonomisk nokolunde akseptabel måte, var familien ein nødvendig føresetnad for å få det til å gå rundt. Slik var det nok for mange lagsbruk også. Det trur eg gjeld for andre store rørsler også, men vi hadde lite systematisk kontakt med dei.

## Lagsbruk og andre rørsler

– *Det alkoholfrie tilbodet har prega lagsbruka. Men den profilen har si historie?*

– I Noregs Ungdomslag sette eit årsmøtevedtak i 1916 forbod mot å selje landsøl med 2 % alkohol på kaffistover som ikkje var i samsvar med herbyrge. Dette utløyste fleire søknader om dispensasjon. Bondeungdomslaget i Kristiansand og Vest-Agder Ungdomslag fekk løyve til å selje landsøl, men det skulle berre gjelde fram til første årsmøte. Seinare vart det ordna sånn at formannen har fullmakt til på styrets vegne å avgjere liknande søknader som måtte kome inn. Dispensasjonar for kaffistover som ikkje var i samsvar med herbyrge, kunne berre gjelde til første årsmøte. ”For dette årsmøtet vil styret gjera framlegg om å ta bort forbodet mot landsøl,” heitte det i eit styrevedtak kring 1917. Ein del år tidlegare hadde formannen i Noregs Mållag meint at dette med landsøl ville vera ei pinne til likkista: Då ville ein straks ha hug for sterkare drikk. Så det har vore sterke meiningar om dette i både Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag.

I Noregs Ungdomslag har det i all tid vore eit veldig stort fleirtal for at rusdrikkfrie samskomer var ein sjølvsgad ting for lag som ville vere med i landssamskipnaden. Denne grunnhaldninga vart overført til retningslinene for lagsbruksdrift. Slik var det ikkje i Noregs Mållag. Difor har det vore med ein del lagsbruk i samskipnaden utan at dei har vore rusdrikkfrie. Det hende nok også at enkelte kaffistover har drive litt med ølservering sånn under bordet. Det var ingen som tok det så veldig høgtideleg, sjølv om ivrige fråhaldsfolk fekk dette fram. Sjølv har eg heile mitt vaksne liv vore fråhaldsmann. Når ein skal vere med i dette arbeidet – om eg ikkje akkurat vil kalle meg ungdomsleiar, så var eg jo aktivt med i ungdomsarbeid, og då burde eg følgje ei slik klar fråhaldsline. Personleg kan eg vel også seie at eg synest det har vore nyttig mange gonger i

andre samanhenger også; ein kan få høyre mykje frå folk som vil betru seg, og som kan vere nyttig å ta med seg.

Størst konsekvensar fekk det som skjedde då lag som Steinkjer og Ivar Aasen i Ålesund opna for alkohol. Det låg an til at eit av dei største og beste laga i landet måtte jagast ut. Det var for tungt å døyve, så det vart jo funne nokre naudløysingar. I Ålesund gjorde dei vedtak om at dei skulle ha skjenkerett på Hotell Noreg, men det vart gjort etter at paragrafen var forsterka og gjord så tydeleg at det ikkje var mogleg å gå forbi, så der hadde Noregs Ungdomslag ikkje noko val.

Det var ei rekkje med lagsbruk som ville ha skjenkerett, sånne som var litt perifere og ikkje hadde vore særleg med i lagsbruksarbeidet, og som dreiv dårleg. Når eit lagsbruk sleit, vart det gjerne sagt at berre vi får skjenkerett, så skal vi berge oss og tene pengar. Ikkje under noko omstende har dette slått til. Same kva syn ein har på skjenkerett, må grunnlaget vere at du har god drift og at du har orden på sakene. Ikkje eit einaste av dei mindre eller større hotella som har hatt problem med skjenkerett, eksisterer i dag.

*– Var det det at laga som stod bak Hotell Noreg i Ålesund og Grand Hotell i Steinkjer var så sentrale at det måtte bli sak, mens dei andre som tok til å skjenke alkohol, var så små at det ikkje var noko å bry seg om, iallfall ikkje for landsmøtet som organ?*

– Dei var litt perifere både i Lagsbrukssamskipnaden og elles, og det vart etter kvart sånn at slike sakar var det styret som tok seg av. Det vart på ein måte dyssa ned: Dette må vi ordne.

*– Men dette var eit tema berre i Noregs Ungdomslag, ikkje på lagsbruksmøta?*

– Føresegner for lagsbruk var ei sak for hovudorganisasjonane. Viss du vil vere med i Noregs Ungdomslag, må du følgje dei retningslinene som er der, og det er greitt. Det vart ikkje strid om det; det vart registrert at nokon ikkje var med

i Noregs Ungdomslag, men at dei var med i lagsbruksmøta, var ikkje noko problem. Lagsbruksmøtet hadde ingen ting å gjere med forholdet mellom eigarlaget og Noregs Ungdomslag. Mange av dei som møtte på lagsbruksmøta, sa ikkje eitt ord i desse ordskifta i den grad spørsmålet kom opp i det heile. Dette var heller ei sak for forholdet mellom eigarlag og hovudorganisasjon. At ein mann og mann imellom kunne snakke om både det eine og det andre, det var ei anna sak.

*– Eit av dei store spørsmåla i det 20. hundreåret var forholdet mellom målrørsla og arbeidarrørsla. Eg har ikkje sett nokon diskutere følgjande problemstilling: Vi har å gjere med ei målrørsla som sett under eitt kan reknast som eit stort konsern med mange arbeidsplassar. Kunne ein ved å gå inn for at dei tilsette fagorganiserte seg, opne for ein dialog med arbeidarrørsla på arbeidarrørsla sine premissar?*

– Eg synest det er ein skam for LO at dei ikkje har brukt nynorsk i større grad. Tidlegare var det sånn at det ikkje fanst ei fagforeining som brukte noko som helst slags nynorsk, korkje i byane eller andre plasser. I organiseringa av arbeidstakarar stilte lagsbruka likt med dei andre verksemdene i bransjen. Det var så få organiserte i denne bransjen, så få at dei hadde ikkje noka makt bak seg. Men i Bergen trur eg at ein alt i 1930-åra hadde ein del fagorganiserte på Hordaheimen og på Kaffistova. Det varte nokre år, så var dei vekke, dei ville ikkje halde fram, men Hordaheimen melde seg inn i det som då heitte Norsk Arbeidsgiverforening. Det var først i 1960-åra det vart vanleg med tariffavtalar i vår samanheng. For min eigen del såg eg det som eit mål å følgje dei tariffar som var og halde meg orientert om det som skjedde på den fronten.

Fagorganisasjonane vart etter kvart meir pågåande for å få medlemmer. Eg hugsar ein gong på Kaffistova at styrarinna kom heseblesande og fortalde at nå var det ti personar som hadde organisert seg, og ho visste ikkje kva ho skulle

gjere. Då lo eg og sa at du skal ikkje gjere nokon ting, for vi følgjer dei tariffane som er fastsette, så det er berre å slappa av

– *Halvdan Koht og andre arbeidde i 1920- og 30-åra med å få Arbeidarpartiet til å skjøne kva målsaka galdt. Viss målrørsla hadde lagt på bordet i ein uorganisert bransje at vi har lyst til å gå i spissen med å organisere våre bedrifter, hadde det då blitt eit ramaskrik, slik du seinare vart kjend med denne bransjen?*

– Eg trur nok det var så stor skilnad i synet på dette med organisering og sosialisme at det var veldig fjernt for svært mange å tenkje slik. Eg høyrde aldri at det var snakk om det i samband med lagsbruksarbeid. Men om LO hadde vore meir imøtekomande, kunne det kanskje ha blitt meir og betre organisering på eit tidlegare tidspunkt. Likevel hadde eg eit godt samarbeid med formannen i hotell- og restaurantarbeidarforeininga i Bergen, med nyttige samtalar av og til.

## Endra samfunn, nye utfordringar

– *Nynorsken mista fotfeste utover i 1950-åra. Hadde det noko å seie for lagsbruka? Eller var det andre årsaker til at ein del lagsbruk etter kvart måtte gi opp?*

– Lagsbruka var avhengige av at eigarlaget fungerte, ikkje av målstoda generelt. Dette kjem vel best fram når ein tenkjer på alle mållaga på Sørlandskysten som vart lagde ned mens dei sat med prektige, fine og store kaffistover og bondeheimar. Somme av desse laga løyste opp selskapet og laga eit fond, som det etter kvart vart fleire av.

– *Vil det seie at evna til å drive butikk var viktigare enn rammevilkåra for nynorsken?*

– På ståande fot kan eg seie verken ja eller nei. Det er jo klart at rammevilkåra kravde etter kvart endringar i lagsbruksverksemda. Somme makta det, andre ikkje. Når laga forvittra, forvittra også lagsbruka. Etter mi meining kan ein dele laga i lagsbruk som hadde dugande folk i leiinga, og det var jo ein god del som hadde det, og lagsbruk som var eigde direkte av lag og som då kanskje hadde ei god tid bak seg, men som ikkje forstod at i forretningslivet står ingen ting stille. I den omskiftinga som kom ikkje så mange år etter krigen, endra reisemønster seg også. Fleire frå landet fekk ærend i byen, og ei byreise var ein dag eller to. Mot slutten av 1960-åra kom hurtigbåtane, og då kunne du reise heimanfrå om morgonen og dra heim att til middag om kvelden, så då var det ikkje bruk for verken kaffistove eller hotell. Også flytting av rutebilstasjonar og endra trafikkmonster i byen var avgjerande for veldig mange lagsbruk. Laga sjølve måtte følgje opp den nye samfunnsutviklinga og den nye situasjonen. Dei fleste stader stod laga sjølv som eigar. Når eit investeringsspørsmål då kom opp, var det ikkje enkelt å få eit lag til å setje inn nye midlar. Den gong var det snakk

om kanskje 100 000 kroner., i dag dreiar det seg om millionar. Så vart ingen ting gjort, og då var det slutt.

– *Var det mogleg for laga å rekruttere nye folk i styre og stell, eller var det slik at dei same folka sat i det uendelege?*

– Her er det fleire tilhøve som kjem inn. Det enklaste er å forklare kvifor det gjekk så galt på kyststripa frå Rogaland og like rundt til Vestfold. Det fanst jo ikkje éin tettstad på Sørlandet der det ikkje var ein bondeheim, prektige som dei var i si tid. Men det var mållaga som stod som eigarar, og når mållaga tørka vekk fordi dei ikkje fekk rekruttering, stod dei gamle karane så lenge dei kunne.

– *Du har tydeleg solid bakgrunn for å sitje i lagsbruksstyre, men kva slags folk var det elles som gjerne blei rekrutterte til desse styra? Sat dei folka der som burde vere der, med innsikt i økonomi og bedriftsleiing?*

– Skilnadene var store. Styreformannen i lagsbruka Ervingen i Bergen gjennom mange år var til dømes kontorsjef i Bergen Sparebank. Der låg alt dermed til rette for å drive rasjonelt og godt. Slike solide folk hadde dei ikkje alle plasser. Men rekruttering til lagsbruk er noko anna enn å rekruttere til aksjeselskap. Når eit lag skal velje eit nytt medlem, har det gjerne vore populariteten til personen som var det viktigaste. Om vedkomande var ein god dansar, var ikkje det noko dårleg grunnlag, men dersom du til dømes hadde ein formann som ikkje kunne noko særleg om desse sakene, stod ein dårleg. Det kan nok finne døme på mange plassar. Tenk berre på Trondheim og dei glimrande forretningane som var der! At det ikkje vart gjort noko for å modernisere eller ruste opp Gildevangen i alle dei år! For Trønderheimen vart det sett i verk mange tiltak både på den eine og den andre måten, men både der og elles var det gjerne ein grunntanke som rådde om at dette går så godt, dette skal vi halde fram med som før. Eg lærte så mykje i Vestlandsbanken om dette når vi hadde møte og kurs om korleis ein skulle vurdere framtida: Konkursen kjem ikkje det siste året, men gjerne ti år tidlegare.



Uttrykket *respatexalderen* om 1950- og 60-åra viser vel at ein trudde meir på den materielle utviklinga i oppbygginga etter krigen. Kultur og tradisjon stod ikkje så grueleg høgt. Lagsbruka vart vel på den måten eit spegelbilete av haldningane i samfunnet. Tunge møblar og gamaldags interiør vart etter kvart nedvurdert. Det gjer forferdeleg vondt å tenkje på alle dei prektige interiøra i kaffistovene som vart øydelagde. Dette tok til nettopp i 1950-åra. Eg var sjølv med på å gjere mykje gale på den tida, men den nye tida stilte nye krav.

Ei anna side av saka er at den måten vi laga mat på, heimelaga mat, gjorde at vi måtte ha mange tilsette. Dei måtte ha godt utstyr, som nå var blitt tungvint. Altså måtte ein rasjonalisere skulle ein klare seg. Det var ikkje bønn. Ingen hadde tid til å vente. Alle skulle kome fort ut og inn.

I den første tida etter krigen kom det nye folk med nye tankar dei fleste stader, og så stabiliserte det seg, og dei eldre kunne halde fram. Utover i 1960-åra snudde dette seg, også for kaffistovedrifta. Då trongst det kunnskapar og vilje og evne til nytenking når ei god kaffistove kom i bakleksa; skulle det vere noko nytt, så måtte ein ofte flytte til busstasjonane. Det svikta når det galdt nytenking. Etter kvart som utviklinga har gått fortare og fortare, har det vore større bruk for utskifting av tillitsfolk, i lagsbruk som elles i næringslivet. Der har vi vore trege av oss. Svært mange som hadde problem, hadde ikkje interesserte folk som ville vere med i dette arbeidet. Men ein finn unntak, til dømes Mållaget i Kristiansand som greidde å byggje dette store huset sitt. Der var det nokon som hadde tankar og vilje til å satse.

– *Først på 1980-talet tek ein til med betalte styreverv. Kva følgjer kan det ha fått at ein ikkje gjorde det før, med tanke på til dømes rekruttering?*

– Å sitje i lagsbruksstyre var lenge eit tillitsverv som ein såg på som ei ære å få. Berre det å kunne reise på eit lagsbruksmøte og få kostnadene dekt, var godt. Dei fleste som eg kjenner, eller kjende den gongen, såg dette som eit arbeid for norskdomsrørsla. Eg veit det argumentet vart brukt også overfor likningskontora i

spørsmål om utleige som ikkje høyrde til sjølve drifta. Der kunne ein då seie at ja vel, men her kosta ikkje styrearbeid noko, og då er det jo greitt at dei pengane må vi kunne disponere litt friare. Det viste seg å vere eit godt argument.

*– Ein ting er lagsbruka si rolle overfor målrørsla når det gjeld rekruttering. Du har fått godt fram at mange lagsbruksfolk hadde lite røynsle, men dei lærte jo etter kvart. I kor stor grad fungerte lagsbruka som kvalifiserande for liknande arbeid utanfor lagsbruka, som ein lærestad for å drive kaffistove eller kafé eller serveringsstad generelt?*

– Eg har ikkje tenkt akkurat på dette. Det var nokså rimeleg og sjølvsagt at dei som arbeidde på kaffistovene, kom inn i faget, og at det var mange som seinare begynte for seg sjølv, eller vart tilsette på andre serveringsstader, og som utvikla seg vidare, har ein nok mange døme på. Dei som den første tida arbeidde på kaffistovene, var jo særleg husmødrer som tok ein jobb meir eller mindre med lønn. Dei som likte denne typen arbeid og som likte å vere i kontakt med menneske, kunne ha glede av dette og dermed kome inn i ein betalt yrkesbransje. I hovudsak var det nok unge jenter som søkte arbeid og som fekk opplæring, husrom og mat. I dei større byane var det som regel styrarinna som var ”mor” for dei unge jentene. Dette sosiale ansvaret høyrde også med i kaffistovekulturen.

*– Eg kjem frå Stardalen i Jølster, ein dal med om lag 200 fast busette. Der har grendeutviklingslaget sett i gang kafé som i fleire år var ope i sommarsesongen, og som etter kvart har kunna utvide. Nå driv dei på delvis lønt basis, men dette tok til som dugnadsarbeid der fleire kvinner stilte opp for å få dette til. Er dette ein repetisjon av den etableringshistoria også mange kaffistover hadde?*

– Ja, men eg trur at det var veldig stor forskjell frå stad til stad. Då Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen opna i 1913, var det ikkje snakk om dugnad og ubetalt arbeid, anna enn styret som gjekk inn i arbeidet som om det var

deira eige. Andre stader var det nok heller slik at nokon ville prøve, og då vart det meir dugnadsbasert, og så hadde dei til slutt fått til ei kaffistove, dei også.

– *Var det den gylne middelveg som var vegen for lagsbruka i serveringspolitikken? Var det nokon som prøvde seg med finare restaurantar, eller skulle dette vere kafear for folk flest, og då først og fremst for bygdefolk som kom til byen?*

– Mitt inntrykk er at kaffistova alt frå første dag skulle ha god mat, men ikkje fråtseri, det skulle vere sånn som folk var vane til å ete, men av god kvalitet, og så var det ein viktig møteplass. Eit bilete frå eit lagsbruk i Stavanger som heitte Damesalongen, tyder på at der var det vi kunne kalle eit meir sofistikert interiør enn det klassiske. Elles hadde jo Bondeheimen i Oslo ein restaurant dei kalla Grillstova. I Bergen arbeidde vi i mange år med å få til slike tiltak, for dei fleste av oss rekna med at vi måtte kome over på ein annan baug om vi ikkje skulle miste fleire kundar. I Trondheim hadde dei jo ein restaurant om dagen, veldig enkel og grei og med god mat og alltid mykje folk. Det var eit førebilete for oss; dette ville vi også greie utan å øydeleggje kaffistovestilen. Men vi greidde det ikkje.

– *Når det er spørsmål om korleis kaffistovene og bondeheimane kunne skilje seg ut, blir prispolitikken eit viktig emne. Kva slags prispolitikk låg til grunn?*

– Viss ein tenkjer på Kaffistova på Torget i Bergen, kosta eit smørbrød med pålegg og alt sju øre i 1913. Prispolitikken måtte vere nokolunde riktig, for det var jo billig å kjøpe mat og billig å få produsert med dei små lønnene. På ei lita kaffistove kunne overskotet vere på 50 000 kroner på eit år. Det var mykje pengar den gongen, og då kan ein seie at prispolitikken var nokolunde riktig. Men der var konkurranse, og det var det som var grunnlaget for kalkulasjonane. Det var jo enkelte av dei som var med, som også dreiv handel, så dei visste nok kva dei balte med.

– *Men er det riktig å seie at poenget for kaffistova og lagsbruka generelt ikkje nødvendigvis var å vera billigaste tilboda på dei aktuelle plassane, men dei skulle også kombinera pris og kvalitet?*

– Prispolitikken vart vel heilt annleis etter kvart som tevlinga om kundane førte til at ein ikkje kunne unngå å sjå på kva naboen tok. Tevlinga vart hardare og hardare, og sjølv om mange på dei beste stadene kunne seie at vi vil ha den kvaliteten, og vi vil ha dei prisane, trur eg dei stod seg på det når det ikkje var for urimeleg. I mi tid på 1970-talet var det nok gjerne slik at det var 10 % lønsauke kvart einaste år. Kva gjer ein då? Eg brukte ofte tommelfingerregelen om at 10 % lønnsauke vil seie at vi må ha 5 % prisauke. Så enkelt var det i utgangspunktet, og når det då vart stabilitet igjen, vurderte ein desse prisane i forhold til konkurrentane.

– *Viss vi skal prøve å samanfatta skilnadene mellom kaffistover og bondeheimar på den eine sida, og andre kafear og hotell på den andre sida, kva då? Var det uvanleg at kafear med denne standarden ikkje serverte alkohol i Noreg? Korleis skilde lagsbruka seg ut?*

– Dei skilde seg først og fremst ut i namnet og ved det ry dei hadde skaffa seg. Samtidig ville ein gjerne følgje med tida, og då vart gjerne både møblement og andre ting innretta mot det som folk likte. Då var det dessverre ikkje alltid aktuelt å ta vare på dei gamle tinga. For min del kan eg sjå tilbake på ein merkeleg vandalisme i så måte. Det var berre eit faktum at anten ein var kaffistove eller vanleg kafé, og hadde eit tungt og gamaldags interiør med sofa og tunge stolar; folk likte det ikkje. Vi måtte bytte. Dette gjekk utover mange fine møblement på kaffistover og bondeheimar, det er sikkert. Nå går det motsette vegen, og det har det gjort i mange år. Eg er ganske stolt over det som skjedde på Hordaheimen, og som eg ikkje hadde det ringaste del i, anna enn at eg var med og skaffa Kinsarvik-møblane som nå står der. Det er altså interiør-arkitektar som i

ein god del år no har sagt at vi skal tilbake til og bruke det gamle i ein samanheng slik at det skil seg ut frå dei andre.

## Nynorsk og sjølvforståing

*– Du har aldri sett lagsbruksrørsla som ei sak for seg, men som ein del av norskdomsrørsla. Men det var vel ein del innanfor lagsbruka som knapt nok såg lenger enn til sine egne lagsbruk sine dører?*

– Kvar er seg sjølv nærmast. Eg tør ikkje seie det for sikkert, men eg hadde iallfall inntrykk av at mange av dei som kom inn i utsette lagsbruk, såg det som eit hinder at ein skulle ha desse medlemsorganisasjonane og at dei skulle ha noko å seie her. Dette er ei verksemd, og den må vi drive på den måten som vi vil. På den måten kan ein vel seie at det var mange som ikkje var interesserte i det ideologiske. Her er det mange interessante mønster. Viss du ser på Lofoten og Vesterålen og søre delen av Troms, var det ikkje nokon plass det var så mange kaffistover og bondeheimar som der. Det same var det for så vidt på Sørlandet. Så kan ein jo i dag stille spørsmålet: Kvifor er nynorsken nå omtrent sanert bort på alle desse stadene der lagsbruka faktisk var så viktige for folket?

*– Ja, kva kan det vere uttrykk for? Kan det vere at kaffistover og målrørslar var to nødvendige føresetnader for at nynorsken skulle få ein posisjon, at kaffistover åleine var ikkje nok?*

– Det var vel rett og slett framtøkne folk som såg at her var noko som kunne gjerast, og at nynorsken då frå hundreårsskiftet og utover stod veldig sterkt desse stadene. Det må den ha gjort, elles hadde det ikkje blitt noko. Så var det vel også det at til dømes i Lofoten var det bruk for mat og husrom og at lagsbruka her kunne vere med og dekkje det behovet for innkvartering av reisande folk og fiskarar som kom kvar vinter.

*– Vil det seie at for somme var dette med å lage kaffistover og andre lagsbruk for å fremje nynorsken og norskdom ei viktig drivkraft, men ikkje det for*

*alle, at mange lagsbruk også var sosialpolitiske prosjekt, ikkje bare reine kulturpolitiske tiltak?*

– Ja, det trur eg, men då galdt det å styrkje bruken av nynorsken. Å meine noko om kva slags nynorsk vi skulle ha, har ikkje vore lagsbruka si sak. Sigmund Dale var leiar i lagsbruksnemnda og hadde med seg gode folk der, men både han og andre var aktive i Noregs Mållag, uavhengig av målpolitisk syn. Han pressa lagsbruka for å yte støtte til både det eine og andre, til dømes i høve 50-årsjubileet til Det Norske Teatret. Utan at eg i og for seg har tenkt noko særleg på lagsbruka si tyngd i målstriden, trur eg dei aller fleste godtok det som vart gjort av Noregs Mållag.

*– Der er vel grunnlag for å hevde at tidleg på 1900-talet var det ein heilt opplagd samanheng mellom ideologi, organisasjonsbygging og finansiering gjennom lagsbruka. Utover i etterkrigstida var ikkje lenger den samanhengen fullt så tydeleg lenger for alle lagsbruka. Dei utvikla seg til å bli ein liten stat i staten. For mange var det ei honnørstilling å bli med i lagsbruksstyret etter lang og tru teneste i lagsarbeidet. Med den profesjonaliseringa som prega lagsbruka i dette tidsrommet, ville det vel difor vere ein rimeleg hypotese å seie at denne profesjonaliseringa forsterka den tradisjonen det etter kvart var blitt at lagsbruka ikkje meinte noko om dei målpolitiske vegvala til Noregs Mållag. Men kva med den interne linja? Måtte dei tilsette snakke nynorsk?*

– Vi var ikkje indoktrinerande på den måten. Tidlegare var det jo mest landsungdom som arbeidde der, så då gav det seg sjølv. Seinare kom mest byfolk som sommarvikarar, men heller ikkje det var noko problem.

*– Hadde de interne arrangement der de tok opp lagsbruka sin plass i kulturlivet?*

– I grunnen ikkje før vi kom ut på 1970-talet. Då var eg så misnøgd med samarbeidet mellom alle lagsbruka i lagsbruksnemnda at eg organiserte og fekk ein del lagsbruk med i ei eiga lagsbrukgruppe, som mange ikkje var glad for. Då

samarbeidde fire-fem hotell, mellom anna om utveksling av personale, og då kom dette inn i biletet.

Då vi tok til å samarbeide mellom ein del lagsbruk og lagsbruksgrupper, var vi veldig aktive med å bytte personale, dvs. få nye folk frå andre lagsbruk. På dei samlingane som vi då hadde, og som både daglege leiarar og representantar for styret var med på, viste det seg at mange av dei tilsette såg det verdifulle i den kulturen som vi var knytt til. Når ein fekk innblikk i andre sine lagsbruk, viste det seg at dei hadde tankar som de færreste av oss hadde tenkt på som ressurs.

*– Denne utvekslinga av folk verka som ei motvekt til dette med at leiarane for lagsbruka var veldig forsiktige med å gi frå seg tal til andre. Her var det altså ei informasjonsutveksling blant medarbeidarar likevel?*

– Ja, men det dreiar seg om forskjellige sider av saka. Her vart alle tal og arbeidsmåtar drøfta.

*– Du møtte jo på årsmøta til lagsbruksnemnda. Blei det oppfatta som eit viktig verv å ha for folk som dreiv med målsak?*

– Eg hadde inntrykk av at dei som var der, var der fordi dei var norskdomsfolk, og at dei såg det som interessant ved sida av at dei kunne få kontakt med andre lagsbruksfolk. For min del var det sånn at eg frå første møte vart kjend med ein god del folk frå heile landet som eg syntest det var interessant å vere saman med, og som eg kunne snakke med både om faglege ting og andre, og det gjorde møta utruleg interessante saman med den kveiken eg fekk når ein avslutta med unison song og hadde kjensle av at vi hadde vore med på eit godt møte for norskdomsrørsla.

*– Du sa at ikkje alle var like ivrige til å bruke nynorsken i det daglege i lagsbruka. Kva var grunnane til dette? Var det av di nynorsken etter kvart kom under auka press? Ser vi her korleis nynorsken sin generelle stilling i samfunnet slår ut i lagsbruka, eller var det rekrutteringspolitikken som gjorde at ein fekk inn fleire med bokmålsbakgrunn?*



– Dei fleste av personalet den første tida kom frå bygdene. Det var unge jenter som kom og vart tekne vare på av styrarinna, og det illustrerer at der var ei «sosial omsorg» på kaffistovene og bondeheimane. I og med at ein hadde berre folk som brukte nynorsk, var det jo ikkje noko problem. Etter kvart kom det også inn medarbeidarar som brukte bokmål, men det var ikkje noko problem, iallfall ikkje hos oss. Dei brukte sitt mål, men forretningsførsla og presentasjonen elles var på nynorsk. Særleg i byane rundt kysten på Sørlandet og på Austlandet, der det var kaffistover i nær sagt alle større og mindre byar, skjedde det i 1970- og 80-åra eit skifte på den måten at dei hadde ikkje personale som kunne noko anna enn bokmål. Då har det veldig lett for å gli ut. Når dei då har ei styrarinne som heller ikkje har nynorskbakgrunn, er det jo klart at det var ein god del snakk om målbruken i dei åra. Lagsbruksnemnda sende ut mange eksempel på kva bedriftene kunne bruke av til dømes menylistar, eller matlistar som det heitte, for å hjelpe til. Men det var ikkje lett når fårrikål skulle heite lamikål.

*– Ein organisasjon som Noregs Ungdomslag har hatt nokså store problem i seinare år. Eg trur ei hovudårsak er at dei mista det ideologiske grepet om kvifor dei er til. Viss føremålet blir uklart, blir også praksisen uklar. Eg veit ikkje om lagsbruka kom inn i ein liknande vond sirkel av di dei har hatt så klart definerte oppgåver å ta seg av. Men i same stund som du møter eit problem, vil ein profesjonell organisasjon ta til å leite etter årsaker og tiltak. Somme kunne då kome på den tanken at det er nynorsken som er problemet, ikkje deira eigne prioriteringar?*

– Der er mange lagsbruk som har slite med lønnsenda, og då har det vore altfor lett å skulde på at dei ikkje har hatt skjenkjerett eller at dei må marknadsføre seg på nynorsk, og tru at det er der årsakene til problema ligg. Det faktiske problemet var nok eit heilt anna, men ikkje alle var like viljuge til å vedgå det.

– Det blir kanskje for kategorisk å snakke om avideologisering, men førte desse endringane i sjølvforståinga til at også rekrutteringa til lagsbruka endra seg ved at fleire bokmålsbrukarar kom inn i styre og stell og drift?

– Nei, eg trur ikkje at det har hatt noko å seie i det heile. Der har heile vegen vore med mange som nok hadde bokmålsbakgrunn, men som arbeidde som best dei kunne for norsksdomsrørsla.

– Det stemmer sikkert for Vestlandet sin del. Sjølv har eg vore med sidan slutten av 1960-åra. Mi oppleving er nok at det har kome inn ein god del bokmålsbrukarar, og at det har drege med seg ein viss kamp og diskusjon om nynorsken sin status i bruka. I dei debattane har ein del sett likskapsteikn mellom bokmålsbruk og profesjonalisering: Skal vi profesjonalisere markedsføringa av kaffistovene, må vi bruke bokmål. Det synspunktet har særleg dei tilsette daglege leiarane hevda, men styra har heller ikkje alltid vore like klare til å møte dette spørsmålet.

Dette med språk har eg elles tenkt var eit andre og tredjegerasjonsproblem. Entusiasmen frå den store samanhengen var i første generasjon, hos dei som skipa kaffistovene, og då var det ikkje noko problem med språket. Når så neste generasjon unge styrefolk skulle overta i tillegg til at dei gjerne hadde ei styrarinne som ikkje var rekruttert frå miljøet, blei det meir krevjande å følgje opp nynorskprofilen. Utan å kjenne noko meir til det, har eg tenkt at det var jo heller ikkje alle lag som var tilknytt Noregs Mållag, og nynorsksynet var vel litt skiftande i Noregs Ungdomslag i den tida? Når det da var mange lagsbruk på Austlandet, innbiller eg meg at det ikkje var like lett å halde på profilen?

– Du har absolutt rett i dette. Det er jo klart at når vi på Vestlandet og i Bergen kunne halde oss enkelt og greitt, så var miljøet i lagsbruka så sterkt at det var ikkje noko å diskutere. I Horten eller liknande stader var det som du seier slik at det som var naturleg for oss, vart mest knot for dei. Men at det var vilje til stades hos dei, det merka eg godt mange plasser.

– *Har vi å gjere med eit fenomen der lagsbruka til ein viss grad har vore friplassar for dialektane lenge før dialektane fekk si rehabilitering på 1970-talet?*

– I våre verksemder var det ikkje noko i tvil, men i ein by som Bergen var det jo både i offentlege tenester og i næringslivet elles, spesielt i finare butikkar, slik at det var heilt umogleg for jenter frå strilelandet ikkje å knote. I dag finn du vel knapt ei forretning i Bergen der du ikkje høyrer strilemålet. Men på Kaffistova måtte ikkje jentene knote. Der kunne dei bruke sitt eige talemål.

– *I arbeidet med å samle sitat og utsegner om nynorsken har det slått meg at inn imellom alle åtaka på nynorsken er det sagt merkeleg lite negativt om til dømes kaffistovene. Kan grunnen vere at lagsbruka har sett seg i respekt, eller er ikkje dei blitt oppfatta som ein del av nynorsken?*

– Eg veit ikkje, eg. Der finst nok døme på at ein såg ned på kaffistovene. I Annonseavisen i Bergen nr. 43/1998 stod det ein artikkel i høve 75-årsjubileet for Dikterstuene, selskapet som har drive Holbergstuen og Wesselstuen. Der heitte det: ”Selskapet ble stiftet 1. november 1923 med det formål å servere god mat og drikke, samtidig som restaurantene fortrinnsvis gives navn etter våre store diktere. A/S Dikterstuene ble ellers opprettet av borgere med bakgrunn i Bergen Riksmålsforening som en motvekt mot og for å ta opp konkurransen med de noe primitive, men inntektsgivende kaffistovene. De sistnevnte tjener som bastioner for landsmålet.”

Eg vil ikkje seie at dette er eit uttrykk for hat mot nynorsken frå bokmålsfolket i Bergen si side, men dei har nå gong på gong klaga over at det er ikkje farleg for nynorsken, dei har kaffistovene dei får pengar frå, men vi har ingen vi får pengar frå.

– *For å holde oss i Bergen: Trur du at dei som hadde mykje mot strilane i 1950-åra og frametter, heldt seg unna kaffistovene pr. definisjon?*

– Nei, det trur eg ikkje. Enkelte dagar med god mat, som torsdag med raspekaker, då kom dei meir enn gjerne. Dei hadde ikkje noko imot å gå på

kaffistova i den forstand, for dei visste at dei fekk god mat der. Men det øvre sosiale sjikt heldt seg sjølvsagt unna.

– *I 1980-åra var det nokså mange som fann ut at dei måtte bytte namn på lagsbruka sine?*

– Ja, det heitte jo Bondeheimen i Nidaros, men så kom ein ny direktør som skifta til Gildevangen, for han likte ikkje dette med bondeheim, det var ikkje tidsmessig nok. Også i Bergen vart det ymta frampå om at Hordaheimen klang ikkje så godt, men det var ingen som tok det alvorleg. I Kristiansand hadde dei problem med kva dei skulle kalle kaffistova si. Enden på den visa vart namnet Kvikk-lunsj.

Det var altså tendensar til å distansere seg frå den gamle tradisjonen. Det spørsmålet møtte også Vestlandsbanken. Ordet *lutlag* vart i opphavet vanskeleg å bruke fordi advokatane hadde problem med at det ikkje stod i lova. Dei insisterte på at det måtte heitte aksjeselskap – vi har i vårt lagsbruk fleire døme på at det står *lutlag*, og under står det i hermeteikn aksjeselskap. Ein del av administrasjonen i Vestlandsbanken meinte ein gong vi skulle gjennomføre ei aksjeutviding at no måtte vi slutte med dette ordet. Det var så gamaldags. Styreformann Greve sa ganske enkelt og greitt: ”Ja, men herre min Gud, jeg har dette papiret, det står L/L Vestlandsbanken. Det er jo en pryd å ha.” Dermed var det ikkje meir snakk om det.

– *Dag og Tid har fått mykje støtte frå lagsbruka, men viss lagsbruka etter kvart blei meir påhaldne, var det fordi dei hadde mindre pengar å rutte med, eller var det fordi dei var skeptiske til tiltaket Dag og Tid og den redaksjonelle utviklinga av avisa?*

– Ein kan vel seie at det var vel mindre å gi vekk. På den andre sida var heller ikkje utviklinga i Dag og Tid god. Redaksjonen leita etter profilen, og det som skulle vere ei allmenn avis på nynorsk gjekk mest i retning av å vere ei sekt, om eg skal bruke så sterkt eit ord. Då Ivar Eskeland kom inn som redaktør, hadde

eg ei veldig tru på at det skulle bli ei god avis som vi kunne hyggje oss med. Men med nye folk vart det heller ei protestavis der ein veit kva som står i stykket når ein ser kven som har skrive det.

– *Ein kan vel tenkje seg at dei som styrte med lagsbruka, ikkje var av dei yngste i laga, kanskje heller ikkje dei mest radikale. For mange av desse var den redaksjonelle linja i Dag og Tid for radikal?*

– Eg veit ikkje. Det er klart at ein har bruk for radikale aviser. Men ein ting er å vere radikal, ein annan ting å bli så smal som Dag og Tid etter kvart vart, sjølv om dei no svingar seg opp med nummer som verkeleg er leseverdige.

– *I det heile var det sterke målpolitiske endringar i målrørsla mot slutten av 1960-åra. Samstundes skulle lagsbruka fornye seg i meir kommersiell retning. Dette gjekk ikkje i hop?*

– Det er eit viktig spørsmål du reiser, men eg veit ikkje om eg har noko kvalifisert svar på det.

– *Det var ikkje berre målfolk som arbeidde aktivt i lagsbruka. Blant målfolk var det også slik at det var nokon som dreiv med lagsbruk og nokon som ikkje dreiv med lagsbruk. Dei som ikkje var involvert i lagsbruka, korleis såg dei på denne verksemda?*

– Dei som ikkje akkurat var direkte interessert i lagsbruk, var jo interesserte i laget sitt ve og vel. Det var nok også veldig mange lagsfolk som først og fremst såg at her kunne dei ha nytte av å møte venner og kjenningar. For desse var det sosiale ved kaffistover det mest interessante.

– *Var det uavhengig av at dei såg at det kom pengar i kassa frå lagsbruka?*

– Dei aller fleste laga bala med økonomien fordi det ikkje var fem øre i tilskot å hente nokon stad. Alle pengar som måtte til, måtte dei skaffe seg gjennom eige arbeid, med marknader og andre tilstellingar. Alt måtte gå med overskot viss laga skulle eksistere. Mitt bestemte inntrykk er at dei laga som ikkje hadde lagsbruk, hadde eitt mål, og det var å få seg lagsbruk så sant det var

mogleg. Nokre lag fekk ein rask gevinst og tente pengar, bygde det ungdomshuset dei skulle få finansiert med lagsbruksdrifta, og avvikla så lagsbruket. Særleg i første halvdel av 1900-talet var jo fortanestemarginane utruleg mykje større enn i dag. Kaffistova i Flekkefjord vart etablert i 1911, og alt året etter hadde innskytarane fått pengane tilbake!

## Lagsbruksskattens kulturøkonomiske rolle

– *Korleis har du sett på forholdet mellom lagsbruk og norsksdom?*

– I 1949 kom eg inn i dette med dei gamle karane som hadde greidd å få Kaffistova i Bergen til å svare seg og kunne drive det etter at C. B. Bugge hadde gått konkurs og alt var berre vanskar, stor gjeld og alt. Eg har undra meg over at eg som ein utolmodig ungdom, verkeleg hadde tid og interesse av å prate med desse gamlingane som var så veldig interesserte i å snakka om den vanskelege tida. Eg vann meg gode vener på den måten blant dei eldre, men samtidig vart det som ein heilagdom for meg å vere med på å føre dette vidare. Eg fekk del i den tankegangen at her er det ikkje spørsmål om lagsbruk, her er det snakk om norsksdomsrørsla.

Eg har aldri sett lagsbruksrørsla som noka sak for seg. Lagsbruka er ein del av norsksdomsrørsla, og eg har vel mange gonger gått så langt som å seie at viss eit lagsbruk ikkje vil følgje dei spelereglane som er opphavet for heile rørsla, så er dei verdilause. Samtidig har ein jo sett den verdien som lagsbruka har hatt for norsksdomsrørsla, og det kan ein bruke sterke ord om. I jubileumsskriftene om Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag er sjølv sagt ein del av lagsbruka nemnde, men berre så vidt, og på langt nær slik dei burde ha vore framheva ut frå det dei har hatt å seie for rørsla. Det har alltid ergra meg litt, meir og meir for kvart år. Det er svært viktig å få fram lagsbruksrørsla og lagsbruka si medverknad, ikkje fordi dei skal skryte av seg sjølv, men rett og slett fordi det er ein del av den nynorske kulturhistoria. Utan dei pengane som er blitt tilført rørsla gjennom lagsbruksskatten til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, korleis hadde det då vore? For Noregs Ungdomslag er det rett og slett slik at utan lagsbruksskatt hadde ikkje laget eksistert. Då Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag vart skipa,

hadde ein ikkje økonomisk grunnlag for å drive i det heile. Noregs Mållag hadde ikkje pengar til å betale skrivar, og styremedlemene måtte gjere alt arbeid sjølve.

*– Dei første tiåra må ha vore avgjerande for slike stortenkte tiltak som lagsbruka var. Men var det alt frå denne første tida delte meiningar om kva ein skulle lage lagsbruk for? Er det innanfor lagsbruka blitt formidla ei forståing til etterkomarane av at der var nokon som ville gjere det for å utbreie bruken av nynorsk, mens andre berre ville lage ein god restaurant med god mat?*

– Eg kjenner meg ganske viss på at det ikkje er eit einaste lagsbruk som ikkje er skipa med tanke på at det skulle vere til nytte berre for sitt eige lag. At det var norsksdomstanken som låg bak, det trur eg nok. Motivasjonen var nok som eg har nemnt at ein skulle kunne få gjort noko for laget, at ein kunne ha ein møtestad for lagsfolk, og at ein kunne ha pengar til forskjellige tiltak. Ein må jo ikkje vere blind for alle dei pengane som kom inn til bate for norsksdomsrørsla; det var jo den tanken som låg bak hos dei aller fleste. Dei mange kulturelle tiltaka, skulane til dømes, var jo også uttrykk for ei sosial reising for bygdene som ikkje hadde same høva som byane til utdanning sjølv på det lågaste plan. I alt vart sju folkehøgskular sette i gang av fylkeslag i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag rundt om i landet ved hjelp av pengar frå lagsbruksdrifta.

Alt før Noregs Mållag var skipa i 1906, var det etablert lagsbruk i dei største byane. Her såg ein tidleg at det var pengar å hente. Dei som stod for styringa i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, gjorde det dei kunne for å skaffe pengar. Dei kasta sjølv sagt auga på alle lagsbruka. Til det første møtet som vart halde i regi av landslaga, i 1912, var det teke opp ein tanke om at det skulle vere mogeleg å få noko tilskot frå lagsbruka. Den 6. juli 1917 var det stormøte på Voss, og der vart det då vedteke at ein skulle betale lagsbruksskatt eller iallfall prøve å få det i stand. Denne ordninga, omtalt som ”Skattlegging av lagsbruk”, gjaldt fram til 1949. Då var det ei nemnd som gjorde framlegg om nokså små endringar.



Lagsbruksskatten har vi nok oversyn over; den kan det setjast opp statistikk for. I 1950 fekk til dømes Noregs Mållag 4088 kroner i lagspengar, lagsbruksskatt på 9809 kroner, og 4379 kroner i gåver. Heile inntekta var 18 596 kroner. I 1952 var lagspengane på 6411 kroner, lagsbruksskatten utgjorde 15 217 kroner, gåvene kom opp i 4620 kroner – sum inntekt 27 500 kroner. Inntektene frå lagsbruka utgjorde på denne tida altså over 50 %.

– *Her dreiar det seg om store summar?*

– I dei første 50 åra vart det frå Kaffistova betalt ut ca 800 000 kroner til Vestmannalaget, Hordaland Ungdomslag, Vestlandske Mållag og Gula Tidend. Eg har eit oppsett som vart laga etter at Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen hadde vore i drift i 60 år:

Skattar til stat og kommune	1 254 668
Eigedomsskattar	424 681
<b>Sum skattar</b>	<b>1 679 349</b>
Utetling etter vedtektene	923 200
5 % til Bondeungdomslaget i Bergen for bruk av namnet	45 249
Lagsbruksskatt til Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag	32 530
<b>Sum overføringar til norskdomstiltak</b>	<b>1 001 979</b>

Til og med 1972 hadde altså lagsbruka overført til saman 2,7 millionar kroner til ulike norskdomstiltak, stat og kommune.

Det viktigaste er etter mi meining likevel alle dei tiltaka som norskdomsrørsla har fått i gang nettopp takka vera lagsbruka.

**Gula Tidend** hadde ikkje eksistert så mange år og hadde ikkje kunne ha vore dagsavis til like etter krigen dersom det ikkje hadde vore for Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen. Når aksjeeigarane hadde fått sitt, skulle 40 % av overskotet derifrå gå til Gula Tidend eller eit nynorskblad i Bergen. Elles var det slik at kvar gong avisa gjekk konkurs, var det Lagsbruka som lånte dei pengar til ny aksjekapital. Det var ikkje så mange andre som brydde seg med Gula, men Haugesund Mållag var svært aktive. I ein del av dei åra eg var med i avisstyret,

var det også ein styremedlem Vilhelm Trædal frå Haugesund Mållag, og det laget kom årvisst med sine tilskot.

I 1921 kom altså endeleg heile **Bibelen** på nynorsk. Det norske Bibelselskap sleit med store økonomiske problem, og den såkalla Fyrebilsbibelen var alt i trykk, men kunne ikkje fullførast utan garanti. C.B. Bugge fekk som nemnt Kaffistova til Bondeungdomslaget og Norskt Herbyrge til å garantere for 200 000 kroner i 1918.

Det er heller ikkje småsummar lagsbruka har tilført **Det Norske Teatret** opp gjennom tiåra! Etter eit stort underskot for teatret i 1949 kom det spørsmål om tilskot frå lagsbruka, og utan at eg kan seie det nøyaktig, trur eg at det i alt vart betalt inn 50 000 kroner.

Eit anna selskap var **Norsk Skjemaforlag**, eit eige trykkeri som Gula Tidend stifta etter krigen. Der var Konrad Nerheim pytt og panne. Det var han som tok initiativ til å skipe dette forlaget, men utan Vestlandsbanken hadde det vore håplaust. Vestlandsbanken var den einaste større banken som brukte nynorsk, og dei måtte jo bruke bokmålsskjema i mange år, også i rettslege dokument. Litt etter litt laga dei sine egne, og det var Skjemaforlaget som gav dei ut.

Så har vi **Norsk Allkunnebok**. I 1948 fekk Hans Aarnes ut første bandet, men etter kvart vart det for mykje for han. At den mannen greidde å få i stand eit sånt verk, skulle han hatt ein stor pris for. Då han sette i gang, brukte han nok lagsbruksnemnda, men samtidig søkte han kontakt og støtte nær sagt over heile landet for å få lagsbruksstyra til å teikne lutar i selskapet. Men ved at han vende seg både direkte til lagsbruka og til lagsbruksnemnda, motarbeidde han nok seg sjølv. Etter kvart gjekk det på tilliten laus. Eg kom med i styret for Vestlandsbanken i 1962, og då Fonna Forlag hadde kome til det tiande og siste bandet, var alle midlar oppbrukte. Alt stod stille. Då greip Vestlandsbanken inn og organiserte siste rekneskap og alt saman. Ein av banksjefane fekk beskjed om

at dette skal du ordne. Det vart gjort, utan tap for banken. Det vart vel avskrive på ein eller annan måte.

Avisa **Dag og Tid** hadde ikkje blitt skipa utan hjelp frå lagsbruka. Eg trur det var så mykje som 200 000 som kom frå lagsbruka, for totalt var det snakk om mykje meir enn 200 000 kroner i aksjekapital. Vårt lagsbruk i Bergen tok iallfall på seg ansvaret med ein tidel, altså 20 000 kroner. I den tida Ivar Eskeland var redaktør, gjekk det ikkje så veldig greitt. Avisa var god, men det trongst meir pengar, og han retta spørsmålet til lagsbruka. Han var veldig skuffa for at det ikkje vart meir pengar derifrå enn han fekk. Då skreiv han om det han kalla kaffistove-adelen som ikkje gjorde si plikt og ikkje hadde sans for dette. På eit møte kom Bjarte Birkeland bort til meg, smilte og sa: ”Du høyrer vel med i denne kaffistove-adelen, du.”

– *Ordet lagsbruksadel var vel eit uttrykk for ei oppfatning om at lagsbruka var blitt noko nær ein stat i staten som levde sitt eige. Sett utanfrå kunne difor Ivar Eskeland med ein viss rett tenkje at du verda, her er det mange millionar av fri kapital som kunne setjast inn i gode tiltak, mens styra på fagleg grunnlag med like god grunn kunne hevde at det er faktisk ikkje så mykje å gi ut.*

– Nei, uttrykket kom nok ikkje av seg sjølv. Der var ein klangbotn for det, det var ein grunn til at han sette ord på noko som sikkert andre hadde meint. Der har vore nokre brytningar mellom nokre målpolitiske miljø, der nokon ville inn og forandre noko, men som av ein eller annan grunn ikkje tykte dei hadde lagsbruka med seg i den grad dei kunne ønskje. Grunnen kan vere så enkel som at dei oppfatta lagsbruka som ei seteltpresse og ein pengemaskin og ikkje noko meir.

– *I 1960-åra kom det til nokså få nye aviser her i landet. Det var 1970-åra som var dei nye lokalavisene sitt tiår. Kunne det då gjere seg gjeldande ein viss skepsis til om den nye avisa Dag og Tid var god nok for lagsbrukpengane, same kor mykje ein eventuelt meinte at det var viktig med ein nynorsk riksavis?*

– Eg kan ikkje minnast nokon slike ordskifte. Spørsmålet var nok heller: Har vi råd til å bruke desse pengane, eller har vi ikkje? På Vestlandet hadde vi til dømes Gula Tidend frå før, og eg tenkte nok som så at det ideelle bladet måtte vere noko i den duren. Eg var fullt klar over at det synet var det ikkje alle som delte.

*– Der kom hotell og kafear og bankar, men også mykje anna – blad, skular, forlag, teater. Kunne alt mogleg vere lagsbruk?*

– Eg vart veldig overraska då eg etter kvart fekk innsyn i kor aktive lagsbruka hadde vore. Nå var det i og for seg ikkje lagsbruka, men eigarlaga, og då i første rekkje fylkeslaga, som fekk i gang sosiale tiltak av ymse slag. Alle desse skulane, frå snikkarskular til folkehøgskular, botna vel i at det var så stor trong for utdanning av bygdefolk som ikkje kosta mykje. Ta berre denne underoffiserskulen i Bergen. Der var det evnerik ungdom som fekk plass, og sjølv om dei fleste vart politifolk, var det også nokre som flytte heim att til bygdene og gjerne vart ordførarar og kommunestyremedlemer. Dette at nokon i ein stor barneflokk kunne få ein framhaldsskule, snikkarskule eller ein praktisk skule, såg laga som eit sosialt gode. Det kan ikkje vere noko anna som var grunnlaget. Kvifor skulle elles eit fylkeslag bry seg om slike ting? Grunnlaget for at dei gjorde det, var at dei hadde inntekter frå lagsbruka.

*– Det vil seie at det heile tida blei pløgd tilbake midlar til både eksisterande tiltak og til nye tiltak?*

– Ja, det kan ein dokumentere i mange tilfelle. Der var så mange og ulike og store planar. Ta berre tanken om å etablere Norske Trygdeagentur. Lagsbruk kunne vere alle slags verksemdar, der var ingen grenser.

*– Denne sosiale sida ved lagsbruka er særst interessant. Går det an å seie noko om kor viktige denne type møteplassar var for bygdeungdom og andre som oppsøkte dei? Har det å gjere med vellukka sosialpolitikk som både tok vare på folks nervar og daglegliv og kva det måtte vere?*

– Kaffistovene vart eit samlingspunkt for innflyttarar og andre som hadde bruk for sosialt samvær, men elles var det nok laga sjølve som fekk gjort mest for ungdomen. Der kunne dei vere med, der kunne dei vere aktive, utnytte sine talent på mange måtar. Dei fleste som kom til Bondeungdomslaget i Bergen, var bygdefolk – snikkarar, handelsbetjentar og masse sydamer og hushjelper. Det er klart at her var det sjølve laget som gjorde arbeidet. I 1960-åra var det eit nordisk møte i Finland mellom ungdomsorganisasjonane. Aslaug Kvilekval var der, og ho fortalde etterpå at i Finland klaga dei over at innflyttarane i byane hadde store alkoholproblem. Dei spurte korleis det var med andre nordiske landa, og då kunne Sverige og vi i Noreg seie at vi ikkje hadde noko kjennskap til at det var spesielle problem med innflyttarane. Til slutt kom ein fram til at det som Finland mangla, var den norske og den svenske samlinga av ungdomar i lag, der innflyttarane hadde sin eigen plass. Dermed hadde dei ikkje bruk for så mykje alkohol, for å setje det på spissen. Det er dette eg meiner når eg seier at den sosiale sida var det først og fremst laga som sto for. Men det er jo greitt at det var kaffistovene som gav dei grunnlaget for å kunne gjere det best mogleg.

Ein sær viktig slik sosial institusjon for landsungdom i byen har vore Heim for landsungdom som Bygdelagssamskipnaden i Oslo dreiv i Nordahl Brunsgt. Her var det hyblar for landsungdom og kaffistove, så dei kunne skaffe seg skikkeleg mat. I utgangspunktet var staten inne i biletet. Samskipnaden fekk pengar til å kjøpe det som ein gong hadde vore Ragna Nielsens latin- og realskole, og dei pengane kom visstnok frå overskotet til Vinmonopolet. Victor Krüger, som stod for leiinga i mange år, utvikla det rett og slett til eit maktsenter.

– *Eit lite apropos: I "Hardangerjul 2000" står det ein artikkel om ungdomshuset i Øystese i Hardanger. Dei streva lenge med finansieringa, men kom så på at dei skulle opne kaffistove i Ålvik i oppbyggingstida der. Det tente dei grueleg mykje pengar på, og slik fekk dei finansiert huset. Det fortel om eit anna motiv for å starte lagsbruk.*



## Vestlandsbanken og andre bankar

– *Du har hatt mykje å gjere med Vestlandsbanken?*

– Eg trur ikkje det er noko firma eller verksemd som innanfor sin sektor har gjort meir for nynorsken enn Vestlandsbanken. Frå 1914 sette Vestmannalaget i gang eit arbeid for å få til ein nynorskbank i Bergen; det som vart Landsbanken. Under bankkrisa i 1923 måtte dei gi opp. Vestlandsbanken som vart starta i 1926, tok då over restane og førte vidare det arbeidet som Landsbanken hadde tent til inspirasjon for.

Frå første stund var Vestlandsbanken initiativtakar til ymse aktivitet rundt om i bygdene. Banksjef Thorleif Evanths var ein utprega bymann, men han hadde vyar og tankar om kva som kunne gjerast for å få sving på bygdene. Her vart det då slikt som samarbeid mellom tønnefabrikkane, som det eksisterte mange av, organisering av husflidsaker og hagebrukssamarbeid, skiping av Vestlandske Bondestemna som ein gong for året samla bøndene og samyrketiltaka i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette har vore viktig både kulturelt og økonomisk, til stor nytte for bygdene, men med stor kostnad for Vestlandsbanken. Bak stemnet stod eit råd med representantar frå alle bygdenæringane i fellesskap, så som Vestlandske Salslag, Vestlandske Kjøpelag, Bergensmeieriet, Gartnerhallen, Hordaland Ungdomslag, Pelsdyralslaget og mange fleire. Det var sekretariatet i Vestlandsbanken som hadde alt arbeidet med å førebu stemnene. Også dei største kostnadene tok Vestlandsbanken på si kappe.

I tillegg gav banken lån til kommunane utover i bygdene i Hordaland og Sogn og Fjordane, endå renta var låg for kommunelån. Vestlandsbanken hadde også samarbeid med bygdebankane i alle dei fire vestlandsfylka, på den måten at dei fekk i stand Vestlandske Bygdebanklag som hadde over 130 medlemmer, mest sparebankar, men også med mindre forretningsbankar. Vestlandsbanken var også

den første banken i landet som gjekk i gang med opplæring, dei kalla det bankskule og revisorskule, og alle desse medlemene nytta seg av det. Og alt var på nynorsk; dei leverte nynorsk tilfang til alle bankane. Hadde ikkje Vestlandsbanken eksistert, tvilar eg på om alle desse mindre bankane hadde brukt nynorsk.

– *Kven var dei sentrale personane i arbeidet med dette bygdebanklaget og andre slike tiltak?*

– Dei sentrale personane var leiarane i Vestlandsbanken. Kanskje Evanth's var den som hadde dei største vyane for dette. Tanken som låg bak, var å få til meir samarbeid og meir effektive tiltak for bygdenæringane. Så tenkte sikkert banksjefen også at dette vil styrkje Vestlandsbanken, her kan vi lage organisasjonar som er nyttige for bygdene, og som vil sikre framtida til Vestlandsbanken.

– *Korleis var forholdet mellom Vestlandsbanken og Andvake og andre livstrygdela på det nynorske?*

– På personsida var der mange linjer. Til dømes var kontorsjef Hans R. Hjortnæs i Vestlandsbanken mangeårig rådsmedlem i Andvake og dermed eit samband mellom livstrygdela og banken. Så veldig mykje samarbeid veit eg likevel ikkje om det var. Vestlandsbanken var ikkje så ivrige på det. Dei hadde nynorsk, det var greitt, men dei ville ikkje seie at dei var ein del av målrørsla. Likevel oppfylte dei sine plikter og vel så det overfor ymse tiltak på den eine eller andre måten.

– *Var det belastande å vere for nært knytt til Noregs Mållag?*

– Eg trur dei ville halde seg klar av problema i samband med meiningar om rettskriving og slikt. Bergensarar var til veldig god hjelp då banken skulle skaffe startkapital i 1926, og seinare var mange av dei med i råd i banken; ingen var meir interesserte i målbruken enn dei! Dei gode gamle bergensarane som hadde vore med frå starten, og dei som seinare kom med, var opptekne av banken sin



stil og stilling i kulturlivet; den skulle vere urokkeleg. Knappt nokon stod hardare enn dei på at nynorsken skulle brukast i alle høve. Dei var til å stole på.

– *Kom nynorsken nokon gong under press i Vestlandsbanken?*

– Det står i skipingsgrunnlaget at nynorsk skulle vere bruksmålet eller administrasjonsmålet. Dette kunne ikkje endrast så lenge ein av luteigarane var usamd. Det fekk nokså gode følgjer då vi kom til spørsmålet om samanslåing med Oslo Nye Sparebank. Der var det målgrunnlaget som var årsak til at ein fekk konsesjon. Elles var det på den tida ei dødssynd for ein sparebank å gå over til forretningsbank.

Fram til slutten av 1960-åra var årsmeldingane for Vestlandsbanken på begge målformene, men opplaget for bokmålsutgåva var lite. Det høyrde til at ein ikkje skulle skilje seg ut i Den norske Bankforening. Dei var ikkje større på det enn som så! Men så eit år bestemte vi oss for at no er det slutt, no har vi berre nynorsk. Sjølv om banksjefen protesterte, sa styreformann Gunnar Greve sr. at det må de klare å lese, og så var det ikkje meir diskusjon om dette.

– *Var banksjefen bokmålsbrukar i utgangspunktet?*

– Nei, han brukte begge målformene, og i det daglege i banken brukte han alltid nynorsk. I 1948 gav Vestlandsbanken ut ei ny rettleiingsbok for nye tenestemenn. Der står det bl.a.: ”Vestlandsbanken har to føremål: 1) Det økonomiske. Banken skal som forretningsbank driva vanleg verksemd osv., og 2) Det kulturelle. Banken skal hjelpa til med å reisa nynorsk som forretningsmål.” Det var såleis nynorsk forretningsmål og arbeidet med å vere sambandsbank som særmerkte Vestlandsbanken framfor dei andre bankane i Bergen. Den økonomiske greina av arbeidet var berande; di større bankane vart, di større tyngd for norskdomsarbeidet. I den same rettleiingsboka står det at banken må ha eit konsekvent, godt mål, og at det var kvar tenestemann si plikt å arbeide med målet og bruke det best mogleg.

Frå administrasjonen og toppleiinga si side var ein først og fremst ein bank, og så brukte ein nynorsk. Men i spørsmålet om å vere med i målarbeid var ei anna sak der alle stod fritt. Men all denne «småhjelpa» som vart gitt til mållag og organisasjonar, lysingar og alle slike ting, vart rett og slett ordna ved at dei som hadde ansvar for slike ting, fekk beskjed om at dette ordnar de, dette har de fullmakt til.

– *I det låg det vel også at det skulle vere ein tydeleg velvilje frå banken si side?*

– Ja, så absolutt.

– *Kor viktig var Vestlandsbanken for lagsbruka med tanke på låneopptak og likviditetslån og alt slikt?*

– I Bergen var Vestlandsbanken med på alle saker ein måtte ha lån til. For min del var eg jo styremedlem i banken, og det var lagsbruka til BUL som ekspanderte og hadde det største behovet, og då var eg sjølv sagt inhabil. Difor var vi heilt avhengige av det gode sambandet med Ole Ness. Han var dagleg leiar i Bykredittforeningen i Bergen, og saman med lån i Vestlandsbanken kunne ein då få hjelp til å reorganisere og byggje ut lagsbruka til BUL i Bergen. Eg tvilar på om vi hadde greidd det om vi ikkje hadde hatt slike sentrale kontaktar. På den tida var det rett og slett slik at ein måtte ha gode kontaktar om ein skulle få noko. Det hende jo på styremøte at sjefen sa at i dag kan vi visst gå heim att; det hadde kome melding frå bankinspeksjonen om at det rett og slett ikkje var pengar å låne ut.

– *Vestlandsbanken var ikkje den einaste banken med særleg tilknytning til det nynorske. Oslo nye Sparebank er også ein del av denne historia?*

– Det var Bondeungdomslaget i Oslo som var drivkrafta bak skipinga av Oslo nye Sparebank i 1921. Men dermed vart det også ein bank som hørde til Bondeungdomslaget og i grunnen ikkje kom noko vidare. Det gjekk fint under dei små forhold som ein gong var. Når det etter krigen vart spørsmål om utviding

for å kunne finansiere bustadbygging osv., vart det misnøye med at banken ikkje hadde stort nok fond. Eit fond i sparebankane i dei dagar var grunnlaget for kreditten; ein låntakar kunne ikkje innvilgast større kreditt enn ein tredel av fondet. Når banken då hadde eit fond på nokre få millionar, var ikkje det grunnlag nok til at ein medlem i eit ungdomslag kunne få byggjelån. Likevel var det ein god og solid sparebank.

– *Var det noko kontakt mellom miljøet som stod bak den banken i Oslo og det miljøet som stod bak Vestlandsbanken i Bergen?*

– Det trur eg ikkje det var.

– *Hadde det noko å gjere med ein slags konkurranse mellom Oslo og Bergen? Var det ikkje noko der når det gjaldt samarbeid mellom lagsbruka, til dels mellom eigarlaga også, om at ein ikkje skulle samarbeide, men sjå kven som var best?*

– Nei, det trur eg ikkje. Det var berre det at det verka som om Oslo nye Sparebank var uinteressert i det som gjekk føre seg utanfor deira eigne krinsar. Vestlandsbanken hadde ikkje noko i Oslo å gjere i dei tider.

– *Det var vel ei veldig offensiv tanke å lage ein nynorskbank i Oslo?*

– Ja, men det vart ein bank utan ambisjonar om å ekspandere. Ein bank kan ikkje eksistere utan å ekspandere. Det kunne gå i dei dagar då folk kom og stort sett sette inn og tok ut. I dag held ikkje det, men det var nok ikkje lett å vere nynorskbank i Oslo.

– *Var dette også eit problem for Vestlandsbanken då Fokus Bank dukka opp – hadde Vestlandsbanken også ei slik ekspansjonsgrense? Eller var det andre grunnar til at Vestlandsbanken forsvann inn i Fokus i 1987?*

– Vestlandsbanken ekspanderte, og det vart mange fusjonar med forretningsbankar i Hordaland og Sogn og Fjordane, og til slutt også med Oslo nye Sparebank. Vestlandsbanken opna også ei rekkje nye avdelingskontor og filialar. Alt frå eg kom inn i styret i banken, eg trur det var i 1963, så var det

snakk om å sjå etter moglege høve til samanslåing. Styresmaktene var interesserte i at ein skulle gå saman med andre bankar. Eg veit ikkje kor mange samarbeidstankar eg var med på, og som eg blankt sa nei til fordi det stod berre ein ting i hovudet på meg, og det var at skulle vi bli ei samarbeidspartnar, så skulle Vestlandsbankens intensjonar framleis gjelde. I 1972 hadde vi ein avtale med Bøndernes Bank som eg gjekk inn for, for da var eg så skremd over tiltak som var gjort for at Vestlandsbanken skulle fusjonere med andre at eg meinte at her kunne vi i alle fall finne ei god løysing. Det skulle vere sånn etter vedtektene at Vestlandsbanken skulle ha full råderett på sin måte, jamstelt med Bøndernes Bank. Kor vi rettsleg skulle høyre heime, var eigentleg underordna. Dessutan skulle Bøndernes Bank sine avdelingar på Vestlandet, i Stavanger til dømes, gå inn i Vestlandsbanken og dei skulle bruke nynorsk.

Nå viste det seg at etter at det to gonger var gjort vedtak om å gå saman, sa Bøndernes Bank nei til slutt. Først sa dei ja, så sa dei nei. Representantskapet var siste skanse, og der var det fleirtal mot. Om dei var redde for at Vestlandsbanken sin stil ikkje skulle vere høveleg for dei, eller kva, det veit eg ikkje. Bøndernes Bank var då faktisk ein veldig rik bank.

I 1981 var innteninga for Vestlandsbanken blitt så lita etter at vi hadde mista noko av innskota frå sparebankane som nå hadde sine egne mål å ivareta, at fleire av storbankane var interesserte. Vi hadde då drøftingar med Kreditkassen, og faktum er at i 1981 hadde vi ein avtale med Kreditkassen som gjekk ut på at Vestlandsbanken skulle bli deira bank på heile Vestlandet med nynorsk som dagleg mål. Årsmeldinga til Kreditkassen skulle kome ut på begge målformer! Eg må seie at det hadde i grunnen ikkje vore så dumt når ein tenkjer på det som har hendt seinare.

Kanskje var eg til hinder den gongen, for eg sa at eg skulle vere med på dette dersom eg visste at vi kunne få gjennomført det heile på ein-to-tre. Det var berre det at dersom ein skulle søkje om konsesjon, så var det for det første å gå

mot det Storingsfleirtalet ville for større forretningsbankar, og for det andre ville den tida som nå måtte gå, kanskje to-tre år, mens ein samarbeidde om dette, øydeleggje fullstendig for Vestlandsbanken. Eg veit ikkje om det hadde blitt fleirtal, men mi meining var at dette legg vi til sides.

– *Var forhandlingane med Kreditkassen komne så langt at det fanst ein ferdig rammeavtale med dette punktet om nynorsken som du nemnde?*

– Ja, det var hovudspørsmålet, det. Dei såg det rett og slett sånn at Vestlandet var ein nynorsk bastion og skulle ha ein nynorsk bank.

– *Du var med heilt fram til fusjonen med Fokus Bank i 1987. Korleis vurderer du den avtalen i forhold til det som låg på bordet i 1981 om Kreditkassen?*

– Eg var med, men eg kunne ikkje veljast til noko, då banklova sa at ingen kunne ha tillitsverv i bank i meir enn 20 år. Det ein kan seie i ettertid, er at ein bomma på Forretningsbanken i Trondheim, som vi hadde stor tillit til. Det viste seg at den banken ikkje var så god som vi hadde fått inntrykk av. Ei anna side ved saka er jo at alle dei bankane som gjekk saman, hadde sine svin på skogen i form av lån som ikkje kunne betjenast i det krakket som kom.

Då vi kom i samanslutning med Fokus, var Bøndernes Bank den ”rikaste” banken i utgangspunktet, men det viste seg at dei hadde ikkje stor nok innteningsevne. Grunnen var at dei hadde vore så heldige i mange år at alle landbruksorganisasjonane, som fekk store tilskot frå staten til vidare fordeling, vart overført til Bøndernes Bank. Og der stod dei utan at dei betalte renter, eller berre låge renter, for dei i mange år. Så kom tida då alle var blitt rentebevisste, og organisasjonane kravde renter for pengane, og då viste det seg at Bøndernes Bank ikkje hadde så store inntekter når organisasjonane tok ut rentene. I motsetning til Vestlandsbanken, som hadde opparbeidd seg innskot ifrå ålmenta, som det heitte. Då Fokus Bank kom i drift, var Bøndernes Bank den delen av konsernet som hadde minst inntening.

– *Er det dette med filialnettet som er det viktige poeng når du seier at 1987-avtalen med Fokus Bank var betre for Vestlandsbanken enn Kreditkassemodellen av 1981? Eller var det andre moment også?*

– For det første innsåg eg korleis storbankane kom til å ete opp grunnlaget for mange mindre bankar, og i Bergen tevla ein med dei store bankane. Det var ikkje så heilt enkelt. Så langt hadde vi jo greidd det bra, så det var ikkje akkurat problema i den tida, men det var framtida eg var livande redd. Eg såg jo dette med Bøndernes Bank først og fremst som ein god alliert i kampen for å kunne halde fram på vår måte. At heile Vestlandet då skulle ha namnet Vestlandsbanken/Fokus Bank, gjorde at det ville bli ein vestlandsbank. I Oslo hadde dei dessutan spesielle avtalar med Oslo nye Sparebank etter samanslåinga, med eit aktivt målråd. Så eg såg ikkje det som noko stort problem. Ei anna sak er at hadde vi ikkje fusjonert, så ville det vore enda meir usikkert kva som ville skjedd. Vi kunne ikkje ha greidd oss gjennom dei åra utan hjelp. Ein ville miste så mykje av eigenkapitalen at ein ikkje kunne drive som bank etter føresegnene til bankinspeksjonen, og då ville ein bli herrelaust gods. Dei som baud mest, ville då ta heile banken.

– *Fokus Bank var Bøndernes Bank + Vestlandsbanken + Forretningsbanken i Trondheim. Var det dragkamp om nynorsk?*

– Nei. Vestlandsbanken hadde jo vedtekter om nynorsk. Det var litt strid om dette, men Bankinspeksjonen gav til slutt beskjed om at Vestlandsbanken sine vedtekter var urokkelege. Det var lagt opp slik at avdelingskontora i nynorske distrikt som dei tidlegare tre bankane hadde, skulle administrerast frå Bergen. Dette galdt Stavanger, Vikebygd og Ålesund. Det var klart at dei skulle bruke nynorsk.

– *Var det Sigmund Dale som stod bak det nynorske i den nye banken?*

– Nei. På ein ti års tid skjedde det ein heil snunad i banken. Tidlegare var det sånn at Vestlandsbanken reiste krav om nynorsk på forskjellige måtar. Sa

nokon at det ikkje hadde noko med bankdrift å gjere, var det utsegner som ikkje interesserte dei. Men så kom Oslo nye Sparebank i 1975, og frå då av var det heilt annleis.

– *Var det slik at holdningar i den offentlege forvaltninga overfor nynorsk endra seg, og at dette slo positivt ut også i forretningslivet, til dømes Vestlandsbanken?*

– Dette har eg ikkje tenkt over, men det har jo ofte vore slik at politikarar og embetsverk gjerne gir seg når ein har halde på lenge nok med ei sak, sjølv om dei gjer det høgst motviljug.

– *Heile bankvesenet var jo ein bokmålsksanse? Eg hugsar at midt på 1970-talet, då det med dialekt kom opp, at var det ein plass du helt sikkert ikkje hørde dialekt, så var det i ein bank. Der var det alltid avslepe bokmål. Også der skjedde noko utover i 1980-åra. Flyvertinnene og bankfunksjonærene var vel blant dei siste yrkesgruppene som tok i bruk dialekt?*

– Ja, det er klart at dette med dialektbruk vart godteke etter kvart på dei fleste stader i samfunnet.

– *Sette Vestlandsbanken av midlar til ”politiske tiltak”, søknad om støtte osv.?*

– Der var vel knapt eit bygdelag eller nokon som sende søknad om ei lysing eller slikt utan at dei fekk positivt svar, men eg trur ikkje vi finn det att i rekneskapane som samlesummar. Det var viktig at bygdelag og slike kulturinstitusjonar og lokallag visste at dei kunne rekne med eit positivt svar frå Vestlandsbanken. Dette vart ordna administrativt i banken.

– *Trur du nynorsk i Vestlandsbanken og Oslo nye Sparebank hadde noko å seie for bruken av nynorsken i næringslivet elles?*

– Ja, det trur eg. Vestlandsbanken var jo noko pragmatisk, i motsetning til Landsbanken som vart skipa i 1918, der det ikkje skulle endrast på nokon ting. I Vestlandsbanken heitte det i vedtektene at ein kunne bruke bokmål med kundar

som krev det, og ikkje veit eg, men det var aldri snakk om det, og eg trur du kan telje på ei hand dei kundane som kravde det. Der var mange tusen kundar som nok skreiv på bokmål til banken, men dei fekk svar på nynorsk.

– *Greier du å namngi nokre bedrifter som du veit brukte Vestlandsbanken fordi det var ein nynorskbank?*

– Nei, i den vrimmelen av saker eg var borti på styremøta var det uråd å ha oversyn over dette. Rundt 1960 gjorde styret vedtak om at Vestlandsbanken kvart år skulle bruke ein viss sum, nokre hundre tusen kroner trur eg, til kulturtiltak. Det var viktig å styrkje det ein kunne kalle vestlandskulturen. Ein mann som Thorolf Rafto, som då var lektor, vart tilsett i to år for å skrive om kystkulturen på Vestlandet. Dessverre vart ikkje dette fullført, men det som vart gjort, vart overlevert til Universitetet i Bergen. Noko seinare i 1960-åra kom spørsmålet om Vestlandske Setermuseum opp. Banksjef Eilif Åsbo engasjerte seg sterkt, og dermed vart Vestlandske Setermuseum med åtte-ti bygningar reist på Fanafjellet. På 50-årsdagen til Vestlandsbanken vart anlegget overlevert til Hordamuseet, gjeldfritt og med beskjed om at der ville kome årlege tilskot i ti år. Då Åsbo døydde, sette styret meg inn i hans stad som bankens representant i museet. Der sat eg i tjue. Eg trur det kosta banken ca 1,5 millionar i 1970-kroner.

– *Det blei skipa ei nemnd for nynorsk i forretningslivet i 1918. Hadde du noko med den å gjere i etterkrigstida?*

– Bondeungdomslaget i Bergen hadde ei nemnd for nynorsk i forretningslivet. Der var eg med der nokre år, og vi tutla med litt av kvart. Det var styreformann Hans Tveitnes i Gula Tidend som var formann i nemnda. Han var ein aktiv kar med mange tankar. Vi sende føreteljingar både til fylke og andre og til næringslivet, men nokre spesielle saker som eg kan seie at vi vann fram med, er der vel ikkje. I 1950 tok nemnda til orde for å be NRK sende lydarkort på nynorsk til dei som ønskte det. Eg trur at Knut Skurtveit var aktiv der, men elles kan eg ikkje minnst noko om dette. Men det var ei fjør i hatten, det der.



I Noregs Forretningsmållag var eg leiar ein god del år. Vi tok opp tanken om nynorsk reklame og fekk med oss leiaren av eit reklamebyrå, Davidsen frå Bergen, ein fin kar som laga ein del utgreiingar for oss. Det vart sendt ut mange spørsmål og det vart teke opp meiningsmåling og gjort litt av kvart, men resultatet var nedslåande. Det var heller få forretningsdrivande som var interesserte i nynorsk i meir organiserte former. Dei hadde derimot ingenting mot at nynorsk vart brukt i reklame, for det skapte noko nytt og innebar at dei kunne skilje seg ut.

Vi fekk til ei rekkje kurs i nynorsk målbruk for tilsette i stat og kommunar, og var det god søknad til desse kursa. Med god hjelp frå Per Håland vart det også laga eit oppdatert oversyn over nynorske aviser.

Det var vel Hans Aarnes som tok initiativet til å skipe det som vart Norsk Forretningsmållag, og i si tid hadde han om lag hundre nynorskkommunar på lista si. Då Landssamanslutninga av nynorskkommunar vart skipa i 1993, bad dei om å få møtebøker og anna frå Norsk Forretningsmållag, og det reknar eg med at dei har fått.

## Avrunding

*– I desse samtalane har du no lagt fram hendingar og vurderingar slik du hugsar dei. I dette ligg også at du har gitt dine vurderingar av ein del personar [jf. også vedlegg B]. Har du kvidd deg for å seie det du meiner?*

– Som regel har eg nok sagt beint ut det eg har meint. Likevel er det også omsyn å ta til folk som ein har vore gode bussar med, og om saker der dei har vore involverte, har det kanskje ikkje alltid vore så lett å seie akkurat det ein meiner. Eg veit nå ikkje om det er noko viktig heller, så lenge det dreiar seg om reint personlege ting, og i alle høve ikkje viss det ikkje er moment som har vore viktige for å forstå den vidare utviklinga.

I desse samtalane har det vore mange spørsmål om personar, både i samband med lagsbruk og med andre norsksdomstiltak. Vi kunne vel ha nemnt mange fleire. Eg reknar med at ikkje alle vil vere einige i alle svara og vurderingane mine, men det lyt eg stå for.

Å ja, du veit, vi har snakka om det fleire gonger, Nils Seland og eg, om kor nyttig og triveleg det har vore å drive med dette lagsbruksarbeidet. Det er sikkert tjue år sidan eg tok til å interessere meg for historia om lagsbruka. Grunnen var rett og slett at når eg hadde ein smule oversikt over det som skjedde rundt omkring, kunne eg ikkje la vere å tenkje på kva som pregar utviklinga i seinare år, og kva som har vore grunnlaget for det heile. Difor prøvde eg å få greie på mest mogleg. Hos meg skapte det ein fantastisk godvilje for den generasjonen som frå inngangen til 1900-talet forma denne lagsbruksrørsla. Ikkje berre var lagsbruka ei nyskaping i norsk kulturhistorie. Dei vart også ein økonomisk nødvendig føresetnad for mykje av det norsksdomsrørsla fekk utretta utover på 1900-talet. Eg får ikkje fred før akkurat det kjem på plass!

Eg gjorde det på min måte, skreiv ein del notat og laga mange oversyn som Norske Lagsbruk no har teke over, og som Nils Seland bad meg utarbeide. Nå når desse samtalanene er slutt, vil det vel vere slik at det var så mykje meir som kunne ha vore sagt. For min del synest eg at du, Ottar Grepstad, kom inn med heilt nye vriar i dei mange spørsmåla dine. Dermed vart vi ikkje så sjølvsentrerte som vi nok har vore i enkelte samanhengar tidlegare.

Ein gong heldt eg eit innlegg i lagsbruksnemnda om at her måtte det vere grunnlag for minst éin doktorgrad om kva lagsbruksrørsla har hatt å seie i norsk kulturhistorie. Viss vi ser dette under eitt, kan vi då finne nokon liknande organisasjon som har gjort så mykje for kulturen i landet vårt?

*– Gode Kåre Kolås, det har vore både givande og lærerikt å lytte til det du har hatt å leggje fram. Vi vil gjerne seie hjartans takk for at du har hatt tid og lyst til å vere med på desse samtalanene!*

## Tillegg A: Ein del lagsbruk

*Spreidde kommentarar til og opplysningar om ein del av lagsbruka frå Kåre Kolås. Framstillinga er ikkje meint å vere uttømande, men det er verdfullt å kunne dokumentere korleis verksemd og konstellasjonar er blitt oppfatta av ein sentral aktør.*

### **Tromsø**

Abel Olsen har vore ein sentral figur der, og er kjend av dei fleste som har vore med i lagsbruksarbeidet. Rekneskapsfører gjennom mange år, Liljedahl, var ein stor idealist. Ein tredje person var styreformann i laget, rådsformann Tormod Lunde. Han ringde ofte når det var noko.

### **Harstad, Finnsnes**

På Finnsnes har vi Jørgen M. Eriksen, i Harstad var det Martinus Eide. Og Edvard Ruud, sjølv sagt.

### **Leknes, Sortland, Svolvær**

Dette er distriktet til folkehøgskulen, og det var Hans Eidnes som var ein av dei sentrale her.

### **Mosjøen**

Dit sende Sigmund Dale meg på eit tidleg tidspunkt. Eg skulle vere der i 3 dagar og få orden på sakene. Dei hadde då hatt ein styrar som ikkje hadde greitt oppgåvene sine, men det var ikkje så lett å kome dit, for på meg verka det som dei hadde fått beskjed om at her kom det ein som dei måtte vere forsiktig med. Eter ei tid roa det seg. Kanskje var det også sann at eg på ein merkeleg måte

greidde å finne ut at rekneskapsføraren hadde eit par temmeleg dryge mistydingar inne i reknestykka sine, så underskotet vart retta til eit overskot på 40 000 kroner. Det var Dagfinn Steinrud og kona Åse Floa eg hadde kontakt med i mange år. Dei hadde ei dyktig styrarinne som fekk sving på dette.

### **Namsos**

Hotellet i Namsos var det mykje arbeid med, i alle fall rett før det vart selt tidleg på 1980-talet. Der var det på tale at Lagsbrukssamskipnaden skulle gå inn og vere med og drive der. Det er vel ikkje noko lagsbruk som eg har arbeidd meir med, eller nokon andre i Lagsbrukssamskipnaden for den del, som nettopp Namsos. Vi hadde eit ferdig opplegg til å setje i gang, men det enda jo med at fylkeslaget som var eigar, ikkje hadde nok tru på oss og selde hotellet til andre.

### **Levanger og Steinkjer**

Levanger var ei sjeldan fin og triveleg kaffistove, og Steinkjer var ei omstridd bedrift fordi dei skulle ha skjenkeløyve.

### **Trondheim**

Olav Engan var ein nøkkelfigur der, og Myklebust frå Fana var styreformann i Gildevangen. Så hadde vi banksjef Steinar Robertsen i Forretningsbanken, som var med i styret ei tid. Det vrimla med folk i Trondheim som eg hadde kjent frå turen til Nord-Noreg i 1954. På Trønderheimen var Trygve Hernes ein pliktoppfyllande kar til siste fingerspiss.

### **Røros**

Lagsbruket på Røros sprang vel ut frå Trondheimsmiljøet. Det vart kjøpt av det selskapet som vart skipa, og det er jo dei same personane.

## **Kristiansund**

Her hadde Hotel Fosna eit skiftande tilvære. Olav Solheim var sentral her; han hadde arbeidd på Pelssentralen i Bergen, og eg hadde god kontakt med han. Han arbeidde veldig mykje for å få Vestlandsbanken med på nokre finansieringsplanar, men det var for vanskeleg. For Vestlandsbanken å gå inn i eit slikt tiltak nord i Kristiansund, var utanfor det som ein burde gjere.

## **Molde**

Eirik Moen, som eg hadde mykje brevveksling og samvær med, var skrivar i Romsdal ungdomssamlag og Romsdalsheimen, og var i mange år redaksjonssekretær i Gula Tidend. Historia om lagsbruket i Molde er ei sørgjeleg sak som det gjer vondt å tenkje tilbake på, og det var vondt den gongen med. Det var så at ein kunne tilrå og tilby hjelp, men ein hadde til sjuande og sist ikkje noko ein skulle ha sagt. Dersom ein kunne ha sagt at her er til dømes 100 000 kroner, hadde ein talt med i avgjerda, eller i dei mange avgjerdene som vart tekne, men til sjuande og sist stod det på at dei ikkje greidde å finne ein direktør som gjorde jobben. Dette var eit av dei verste tilfella reint kjenslemessig. Både før og etter ei ombygging som vart gjennomført, var det eit flott lagsbruk, ei perle på mange måtar. Det gjekk galt, men eg har mange gode minne frå møte på Romsdalsheimen og i Molde.

## **Ålesund**

Sunnmøringane har vore flinke til å skrive historia. Ivar Grøvik har ført i pennen ein del om Hotel Noreg og det som skjedde rundt dette. I tillegg har vi Sunnmørsstovene, kafeane til Sunnmøre frilyndte ungdomssamlag. Ivar Grøvik var ein røsleg kar på fleire måtar. Han kunne halde talar som du måtte bøye deg for, var eit arbeidsjarn og ein stor idealist på mange måtar. Men det var ikkje så greitt å klare alle desse oppgåvene, både å vere skrivar i fylkeslaget og ha ansvar

for folkehøgskulen på det grunnlaget som eigar av folkehøgskulen, og så var det alt dette med kaffistovene og den fornyinga som måtte til. Det er ikkje så mange gonger eg har vore der, og eg har aldri vore inne i sjølva drifta av kaffistovene.

## **Bergen**

– *Ervingen hadde ei kaffistove som dei kalla skytningsstove. Det er eit spesielt ord?*

– Ervingen hadde ei stove i **Strandgt. 77** som vart overteken av Hordaheimen i 1918, og som Bondeungdomslaget tok over etter ei tid med mykje snakk fram og tilbake. Ervingen ville ikkje flytte, og det vart sak av det, for så vidt ei lita sak. Ordet *skytningsstove* hadde vel Ervingen teke i bruk også nede på Torget på ein av dei første plassane dei hadde. Ordet har ikkje noko med å skyte å gjere. Det dreiar seg om å ta vare på folk som kjem inn. Schjötstuene i Bergen kjem av det same.

– *Ja, vi finn også ordet i Danmark når dei snakkar om eit "sammenskuddslag". Det har noko med ein plass å kome saman på.*

– Det er også nokon som har nemnt at når jegerane kom frå jakt, måtte dei inn og varme seg. Ludvig Jerdal har brukt denne forklaringa i ein avisartikkel for nokre få år sidan. Det er iallfall opplagt at det har noko med mat og stell å gjere.

Utanom **Ervingen** og **Kaffistova** til Bondeungdomslaget i Bergen hadde også Nordhordlandslaget ei kaffistove på **Strandkaien** frå tidleg på 1930-talet. Den var veldig fin og vart driven i mange år. Nordhordlandslaget var blitt skipa i 1921 av Arne Bjørndal. Kaffistova låg veldig fint til fordi alle rutebåtane frå Nordhordland samla seg 30 meter unna.

Hordaland Ungdomslag og Sognalaget organiserte kaffistova Løvestakken på **Danmarks plass** på 1970-talet. Der var eg styreformann eit års tid etter avtale, men gjekk så ut. Dei dreiv godt i mange år, men noko særleg pengar vart det nå

ikkje av det. Firda/Sygna-hotellet, eller Firda og Sygna Herbyrge som det heitte, eksisterte like til krigen kom.

### **Voss**

Hordaland Ungdomslag bygde og dreiv Voss kunsthandverksskule, og det laget hadde så mange andre ting på gang som eg ikkje ennå har greidd å få full oversikt over det. Hordaland Ungdomslag rekna seg som rike, men mista alt ved konkursen i 1923 og stod då på bar bakke.

### **Lofthus**

Her dreiv ungdomslaget kaffistove, men eg trur ikkje dei hadde så stor apparat, eg veit ikkje om dei hadde vedtekter ein gong. Dei hadde sitt eige fylkeslag, Hardanger fylkeslag. Det var hardingar som skipa fylkeslaget, men etter ein del år fann dei ut at dei ville vere for seg sjølve. Dei var så store og mange og hadde så mange lag. Men komne til 1980-åra var dei blitt nokså veike og hadde problem med å få fylkeslaget til å fungere. Det enda med at ein gjekk saman att med Hordaland Ungdomslag.

### **Odda**

Her har det eksistert kaffistove, som eg veit lite om, men ungdomslaget dreiv godt. Dei hadde eit tradisjonsrikt samfunn i Odda også etter at industrien kom på plass. Der stod eit fint hotell i dragestil som diverre måtte rivast, øydelagt som det var av nedfall frå industrien.

### **Haugesund**

I Haugesund la dei ned drifta av hotellet sitt, Kong Harald. Den gode bakgrunnen var at dei hadde tent godt med pengar, hadde kjøpt eigedomar, jamvel aksjar i Haugesunds Avis. Kvar gong det var aksjeutviding der, kjøpte dei meir og meir



aksjar for at det skulle bli meir nynorsk i avisa. Til sjuande og sist selde dei posten til Dagbladet for 4 mill kroner. Då sat dei med midlar til å byggje hus, men då starta levenet. Sigmund Dale og eg tok ein tur; han ringde ein dag og spurde om eg kunne vere med til Haugesund dagen etter, så vi kunne vere fenderar mellom formannen i byggjenemnda og banksjefen i Haugesund Sparebank. Dei var samde om å byggje hus i lag, men usamde om kven som skulle eige bygningen.

### **Stavanger**

Her har det vore mange lagsbruk som tente pengar ei god stund. Fylkeslaget var stort der i tidlegare tider. Dei dreiv både det eine og det andre, som avisa Rygja Tidend og ein arbeidsskule i Sand. Bondeungdomslaget tente pengar nok til at dei kunne kjøpe fleire eigedomar, dei også. Dei sat med fleire kaffistover, men etter som tida gjekk, vart grunnlaget for drift borte.

### **Vest-Agder**

Her var det veldig mange lagsbruk: Flekkefjord, Farsund, Lyngdal, Sør-Audnedal, Søgne, Mandal, Kristiansand og Byglandsfjord. Ein viktig person var Alfred Løvik, styreformann i Flekkefjord. Han var banksjef i Rogalandsbanken, filialsjef i Flekkefjord og eit aktivt og dyktig medlem i Lagsbruksnemnda.

### **Aust-Agder**

Her var det bruk i Grimstad og Arendal. Ole Olsbunes var styrar i Arendal etter ombygginga; han var den mest fantastiske hotelldirektøren eg har vore borti. Men styreformannen hans bør vi gå forbi i det stille.

## **Skien og Porsgrunn**

Bondeheimen Dag i Skien var eit fint og veldrive hotell, med stilig møtesal og utruleg mykje fint utstyr som den kjende telemarkskunstnaren Knut K. Hovden hadde laga. Hanson Kåsa med mineralvassfabrikken var veldig interessert og ordna opp i både det eine og andre. Han var ein drivande kar som gjorde sitt aller beste for ungdomsrøsla totalt. Og så var han så stø! Han dreiv verksemdene sine på nynorsk. Ole Gilje Dale frå Dale i Hordaland vart vald til styreformann etter skogmeister Sigmund Hove. Dyktige folk var dei, med sans for tradisjonar: Dei skulle ikkje ha prisar frå dagen i dag, men frå 30 år sidan.

Kaffistova i Porsgrunn vart tidleg lagt ned.

## **Kongsberg**

Dei hadde ein bondeheim som dei bygde om etter krigen, men hadde problem med skjenkjeretten. Dei var veldig lojale, men selde hotellet til slutt.

## **Sarpsborg**

Dette er eit av dei bruka som har vore mest aktive med å halde kontakten med lagsbruksmøta og samskipnaden. Dei har lagt ned kaffistovedrifta for så vidt, men dei har ordna seg sånn at dei har tilgang på møtelokale og arbeidsrom, så dei har følgt opp i den gamle, gode ånd. Eg har vore der fleire gonger, to gonger fordi dei hadde bedt meg sjå på store planar dei hadde om samarbeid med eit kjøpesenter. Det er nokre år sidan, og dei hadde framlegg ferdig frå senteret, og dei vog mykje på dette, men bestemte til slutt at dei ikkje våga seg på det. Dei såg seg ikkje kapable til å gå inn i eit så stort tiltak, men det var sjeldne folk når det galdt å ta vare på og følgje opp det som deira forgjengarar hadde fått fram.

## **Lillehammer**

Lillehammer har eg vore innom mange gonger, og vi hadde eit møte der ein gong. Men dei har halde seg utanfor alt samarbeid på grunn av ein direktør og eit veikt styre i fylkeslaget. Då blir det slik at dagleg leiar gjer alt, og då styrer han det på sin måte, og nå er det slutt.

## Tillegg B: Einskildpersonar

*Spredde kommentarar til og opplysningar om ein del einskildpersonar frå Kåre Kolås. Som i Tillegg A er heller ikkje denne framstillinga uttømande, men det er verdfullt å kunne dokumentere korleis éin sentral aktør har observert og reflektert kring andre i si samtid.*

### **Olav Bakke**

Han er frå same bygda som eg. Han har vore med og drege lasset saman med Olav Selvik og meg i styret, og som siviløkonom alltid hatt eit godt praktisk grep om rekneskap og økonomi. Han hadde drive så mykje med bokføring at han på ein god måte kunne handsame dei problema som melde seg i lagsbruka til BUL i Bergen. Han var hos skatteinspektøren ein god del år før han vart kontorsjef i Fiskeridirektoratet; der var han til han gjekk av med pensjon. Han har elles vore ein av dei meste aktive medlemene i Bondeungdomslaget.

### **Sigmund Dale**

Denne juristen er ein av dei personane som har gjort mest for lagsbruka. Når han reiste rundt i embets medfør som bankinspektør, han vart etter kvart nestformann i Bankinspeksjonen, trur eg ikkje det var eit einaste lagsbruk han ikkje var innom. Som tidlegare skatteinspektør i Sogn og Fjordane kunne han gi råd på mange område, særleg om finansiering og skatt, som då var mangelvare. Han var formann i Lagsbruksnemnda frå 1949 like til 1971. Dale var veldig oppteken av alt som rørte seg innanfor målrørsla og ungdomsrørsla.

### **Thorleif Evanth**

Han var den første administrerande direktør i Vestlandsbanken, frå 1926. Han var utprega bymann, hadde ikkje heime i mål- eller kulturrørsla, men han såg utfordringa, for Vestlandsbanken var bygd opp som ein målbank på alle måtar, og var i tillegg ein bank som særleg skulle ta bygdeinteressene med i arbeidet sitt. Han var alltid lojal med det nynorske grunnlaget for drifta. Evanths var ein av dei dyktigaste organisatorane til å få fart på næringslivet utover i 1930-åra. Han brukte alle dei kontaktar han hadde, og eg trur ikkje nokon kunne ha gjort det betre.

### **Hans R. Hjortnæs**

Han var kontorsjef i Vestlandsbanken, ein veldig god Erving og litt av ein diktar. Særleg skreiv han fine høvesdikt til festar og samkomer. Han var bergensar og brukte sitt daglege mål i arbeidet, men han dikta alltid på nynorsk. Han vart sett på som ein veldig fin mann som gjorde alt ordentleg og ryddig. Men han hadde ein funksjon som gjorde at han ordna opp i mange ting, og var dessutan rådsmedlem i Andvake.

### **Victor Krüger**

Det var ein fascinerande person som ikkje var god å ha som motmann. Av ein eller annan grunn hadde eg mykje med han å gjere. Vi var mykje saman, og det var opplagt at hadde eg ein dag i Oslo, skulle eg kome opp til han når han hadde tid. Vi hadde mange hyggjelege samtalar, men han likte å dominere. Han hadde ei eiga evne til å framstille ei sak på ein sterk måte, og var ikkje nådig mot sine motstandarar. Krüger la ned eit stort arbeid i fylkeslaget i Oslo og som styrar for Heim for landsungdom, ved sida av at han var svært aktiv i lagsbruksrørsla elles også; han var nok ein av dei som hadde ordet mest på lagsbruksmøta. Som aktiv medlem i Arbeidarpartiet hadde han gode kontaktar der, som han brukte på alle måtar til vår fordel.

Før krigen var han veldig aktiv i Noregs Ungdomslag og Hordaland Ungdomslag. Han og Thor Myklebust var mykje saman, sjølv om dei var i kvart sitt parti all den tid Myklebust var venstremann. Dei hadde det til felles at dei begge hadde vore pasifistar. Myklebust vart forsvarsvenn etter kvart før krigen, men Krüger var motstandar og gjorde seg kompromisslaust gjeldande i desse spørsmåla på årsmøte i Noregs Ungdomslag. Ein gong sa han at det største vonbrotet for han hadde vore at eldste sonen hans gjekk inn i Forsvaret.

### **Konrad Nerheim**

Det stod respekt av han når det galdt målarbeid. Han oppretta ein nynorsk handelsskule i Molde som han dreiv i mange år før han flytta både skulen og seg til Bergen. Der dreiv han veldig godt i mange år, og skulen vart etter kvart ein vidaregåande skule. Det han også fekk til, var alle sine skjema og førelegg for dokument på nynorsk. Etter krigen galdt det å få opp att Gula Tidend, og der gjorde han eit godt arbeid, jamvel det å skipe prenteverk fekk han til: Norsk Skjemaforlag. Avis og forlag og trykkeri var hjartebarne hans; han kunne vere i arbeid døgnet rundt. På prenteverket til Gula Tidend hugsar eg ein gong det var noko han ville snakke med meg om. Eg tok turen ned om kvelden, og då dreiv han og smelta om bly frå satsmaskinane. Slikt dreiv han med om kveldane.

Han var ein merkeleg person, men jammen fekk han gjennomgå under krigen. Då var han med i undergrunnsarbeidet under krigen, og det vart han teken for. Han kom seg likevel fri til slutt.

### **Knut Skurtveit**

Han var utdanna agronom frå Stend landbruksskule, og det var agronom han kalla seg heile livet, sjølv om han bygde opp ei landbruksforretning på Bryggen i Bergen. Han var aktiv medlem i Bondeungdomslaget i Bergen og styremedlem for Hordaheimen. Elles var han ein framifrå næringslivsmann og utvikla

sykkelmerket Roald. Han kjøpte alle delar og monterte dei sjølv, og den sykkelforretninga gjekk godt! Han var elles rekna som ein stødig og god mann å samrå seg med. For Lagsbruka til BUL og for Bondeungdomslaget vart han sett på som ein svært verdfull mann å ha med seg.

### **Hans Aarnes**

Som nemnt i samtalaner ser eg på han som ein av dei dyktigaste organisasjonsfolka som har vore i norskdomsrørsla. Han skipa Fonna Forlag som gav ut så mykje populær og brei folkelesnad. Etter mi meining er *Norsk Allkunnebok* eit av dei nyttigaste verk som har blitt laga i målarbeidet. Det står respekt av det slitet og alt det han tok på seg. Han var nok ikkje alltid den lettaste mannen å samarbeide med eller ha med og gjere i forretningssaker; han gjekk gjerne snarvegane der han kanskje burde valt annleis. Sjølv så gamal som eg er no, har eg minst tre stjerner framfor namnet hans.







Artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle faglege eller språkpolitiske spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning. Alle småskriftene er tilgjengelege på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no).

## *Eit liv med kaffistover og bondeheimar*

Kåre Kolås i samtalar med Nils Seland og Ottar Grepstad

*”På kvar årsmøte var det alltid noko nyttig å lære. Men det var ei pussig forsamling på den måten at der var lite tillit mellom kollegaer. Ein måtte ikkje la naboen få vite noko om si eiga drift!”*

På 1900-talet sette norskdomsorganisasjonane i gang over 200 kaffistover, bondeheimar, aviser og andre lagsbruk. I meir enn førti år var Kåre Kolås (fødd 1917) blant dei fremste medarbeidarane og tillitsfolka i dette miljøet. Her deler han minne, observasjonar og røynsler for framtida.

Nynorsk kultursentrum eig og driv

- Ivar Aasen-tunet, nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur, med det eldste personmuseet i landet.
- Dei Nynorske Festspela, ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen, som har vore arrangerte sidan 1992.
- [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no), nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur, med Nettbiblioteket som inneheld den største samlinga av nynorske tekstar på Internett.

ISSN 1504-422X

HOVUDSPONSORAR

Sparebanken Volda Ørsta • Sunnmørsposten • Tussa Kraft • Widerøe • Ørsta Stål